



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2014

Svalbardbudsjettet

Innhald

Del I	Innleiing	7	Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	37
1	Innleiing	9	Kap. 0004 Tilskot til Svalbard museum	38
1.1	Generelt om Svalbard	9	Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005)	38
1.2	Bakgrunnen for eit eige svalbardbudsjett	9	Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 5)	39
2	Mål for norsk svalbardpolitikk	10	Kap. 0006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)	39
2.1	Heilskapleg og konsistent politikk for polarområda	11	Kap. 3006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)	40
2.1.1	Samordne og koordinere Regjeringas politikk for polarområda	13	Kap. 0007 Tilfeldige utgifter	41
2.1.2	Sikre ei god statleg forvaltning på Svalbard gjennom Sysselmannen	15	Kap. 0009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009) ...	41
2.1.3	Leggje til rette for at lokal- demokratiet fungerer og at det framleis er eit robust lokal- samfunn i Longyearbyen	16	Kap. 3009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 9)	41
3	Forslag til svalbardbudsjett for 2014	19	Kap. 0011 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard ..	42
4	Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over stats- budsjettet (jf. vedlegg 1)	21	Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstittutt ...	42
4.1	Miljøverndepartementet	21	Kap. 0018 Navigasjonsinnretningar	42
4.2	Nærings- og handels- departementet	23	Kap. 0019 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen	43
4.3	Kunnskapsdepartementet	27	Kap. 0020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	43
4.4	Finansdepartementet	29	Kap. 3020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)	43
4.5	Samferdselsdepartementet	30	Kap. 0022 Likningsforvaltninga for Svalbard (jf. kap. 3022)	44
4.6	Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	30	Kap. 3022 Likningsforvaltninga for Svalbard (jf. kap. 22)	44
4.7	Helse- og omsorgs- departementet	30	Kap. 3030 Skattar og avgifter	44
4.8	Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet	31	Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet	45
4.9	Kulturdepartementet	32	Forslag til vedtak om løyving av utgifter og inntekter for administrasjonen av Svalbard for budsjetterminen 2014	47
5	Oversikt over forslag til løyvingar på svalbardbudsjettet for 2014	33	Forslag til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2014	49
Del II	Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla	35	Forslag til vedtak om bestillingsfullmakt for budsjetterminen 2014	50
Kap. 0001	Svalbard kyrkje	37	Forslag til vedtak om meirinntekts- fullmakt for budsjetterminen 2014	51
Kap. 0002	Tilskot til kulturelle formål m.m.	37	Forslag til vedtak om meirinntekts- fullmakt for budsjetterminen 2014	51
			Forslag til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2014	52

Vedlegg 1

Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard
som blir dekte over statsbudsjettet for 2014.... 53

Vedlegg 2

Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard
som inngår i statsbudsjettet for 2014 55

Vedlegg 3

Kart over Svalbard 56



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2014

Svalbardbudsjettet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 27. september 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiing

1 Innleiing

1.1 Generelt om Svalbard

Svalbard omfattar alle øyar, holmar og skjer mellom 10 og 35 grader austleg lengd og 74 og 81 grader nordleg breidd. Samla landareal er om lag 61 020 km². Rundt 60 pst. av øygruppa er dekt av isbrear. Med sine 39 000 km² er Spitsbergen den største av øyane.

Svalbardtraktaten av 9. februar 1920 anerkjenner norsk suverenitet over øygruppa. Sidan 1925 har Svalbard vore ein del av kongeriket Noreg. Sysselmannen er regjeringas øvste representant på Svalbard og tek vare på statens interesser på øygruppa.

Etter svalbardlova § 2 gjeld norsk privatrett, strafferett og lovgivinga om rettspleia utan vidare for Svalbard om ikkje anna er fastsett. Andre lover gjeld ikkje utan når det er fastsett særskilt. Det kan òg givast særskilte forskrifter for Svalbard.

Størsteparten av busetjinga på Svalbard ligg på øya Spitsbergen. I tillegg bur det folk ved dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya. Longyearbyen er det administrative senteret på Svalbard og det største lokalsamfunnet. Ifølgje befolkningsregisteret for Svalbard er det per 01.09.2013 totalt 2 125 busette i Longyearbyen. I Barentsburg er det registrert 676 busette (inklusive 16 busette i Pyramiden). Lokalsamfunnet i Barentsburg er bygd opp rundt koldrifta til det russiske selskapet Trust Arktikugol. I Ny-Ålesund er all verksemd knytt til forskning og forskingservice. Ifølgje befolkningsregisteret er det til saman 34 heilårs busette der. Ved den polske forskingsstasjonen i Hornsund er det registrert 10 heilårsbusette. Som ein ser av tabellen har det vore ein nesten kontinuerleg vekst i befolkinga i Longyearbyen siste tiår. Frå 2012 til 2013 var det likevel ein liten nedgang. For nærare omtale av denne utviklinga, sjå pkt. 2.1.3.

Tabell 1.1 Befolkningstal 2005–2013 (Befolkningsregisteret – Svalbard skattekontor)

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Longyearbyen	1932	1905	2018	2068	2112	2041	2084	2173	2125
Ny-Ålesund	36	37	37	41	37	43	39	40	34
Barentsburg	717	448	525	440	417	491	450	413	676*

* inkl. 16 busette i Pyramiden

1.2 Bakgrunnen for eit eige svalbardbudsjett

Artikkel 8 i Svalbardtraktaten avgrensar høvet til å krevje inn skattar og avgifter på Svalbard og korleis desse midlane skal nyttast. Dette er bakgrunnen for at det blir fremja eit eige svalbardbudsjett.

Justis- og beredskapsdepartementet fremjar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samtidig med statsbudsjettet. I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette er dels verksemd på Svalbard underlagt Justis- og beredskapsdepartementet, og dels verksemd underlagt andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får òg løyvingane sine over svalbardbudsjettet.

Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til dekning av underskotet på svalbardbudsjettet, jf. Prop. 1 S (2013–2014) Justis- og beredskapsdepartementet kap. 480. Tilskotet er inntektsført på svalbardbudsjettet kap. 3035.

Svalbardbudsjettet gir òg ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål. Kvart år yter staten eit tilskot for å leggje til rette for nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard, miljøforvaltning og tiltak som til dømes drift av sjukehus i Longyearbyen. Slike utgifter blir dekte over det ordinære statsbudsjettet under kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyvingar for 2014 er omtalt nærare under pkt. 4 nedanfor, jf. også vedlegg 1.

2 Mål for norsk svalbardpolitikk

Overordna mål

Det er nedfelt i Politisk plattform for fleirtalsregjeringa at Regjeringa ser nordområda som Noregs viktigaste strategiske satsingsområde i utanrikspolitikken. Hovudprioriteringane og verkemidla i satsinga er konkretisert i fleire dokument, seinast i Meld. St. 7 (2011–2012) Nordområdene - visjon og virkemidler (nordområdemeldinga), som vart lagt fram hausten 2011. Meldinga gjev ein samla gjennomgang av nordområdepolitikken, med vekt på korleis Regjeringa meiner Noreg bør møte utfordringane og moglegheitene i nord i eit generasjonsperspektiv. Svalbard er Noregs nordlegaste region og ein viktig del av nordområda våre, og ei vedvarande satsing på Svalbard i tråd med måla for norsk svalbardpolitikk, markerer at Noreg er ein viktig aktør i nordområda.

Regjeringa legg om lag kvart tiande år fram ei stortingsmelding om Svalbard. Regjeringas overordna mål for svalbardpolitikken er beskrivne i meldinga og gir – saman med dei årlege svalbardbudsjetta – uttrykk for gjeldande svalbardpolitikk fram til neste stortingsmelding om Svalbard. Regjeringas overordna mål for svalbardpolitikken har lege fast i lang tid og vart seinast stadfesta i siste stortingsmelding om Svalbard (St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard). Desse måla er:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- korrekt overhalding av Svalbardtraktaten og kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særleine villmarksnaturen i området
- oppretthalding av norske samfunn på øygruppa

Det er brei politisk semje om hovudmåla i svalbardpolitikken. Historia har vist at ei forvaltning av øygruppa etter desse måla har vore vellykka.

Måla fell inn under dei generelle måla i norsk politikk om å sikre nasjonal tryggleik og integritet, overhalde internasjonale rettsreglar og plikter og arbeide for internasjonal avspenning og fred. Måla har sikker forankring i nasjonale interesser og haldningar, og er i samsvar med dei traktatbundne pliktene Noreg tok på seg då suvereniteten over øygruppa vart internasjonalt akseptert. Måla tener difor til å møte dei internasjonale forventningane som blir stilte. I ei tid då Arktis tiltrekkjer seg aukande interesse, skal svalbardpolitikken medverke til at utviklinga i nordområda kan skje på ein fredeleg måte, og til at konflikter blir unngått.

Det er viktig å sjå måla for norsk svalbardpolitikk i samanheng. Det må vere ei konsekvent handheving av norsk suverenitet innafor ramma av føresegnene i traktaten. Dette har vore ein føresetnad for at dei andre traktatpartane har tillit til at øygruppa ikkje blir utnytta i strid med desse føresegnene.

Gjennom stortingsmeldinga som blei lagt fram i 2009 vart det gjort ein heilskapleg gjennomgang av svalbardpolitikken og lagt rammer for denne dei neste åra. Det blir framleis lagt opp til ei stabil og føreseieleg styresmaktsutøving og god samfunnsutvikling på øygruppa innafor ramma av dei overordna måla i svalbardpolitikken.

Hovudmål og delmål

Justis- og beredskapsdepartementet – som har fag- og koordineringsansvar for norsk polarpolitikk både i Arktis og Antarktis – har følgjande hovudmål og delmål for dette:

Tabell 2.1 Hovudmål og delmål for Justis- og beredskapsdepartementet

Hovudmål	Delmål
Heilskapleg og konsistent politikk for polarområda	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samordne og koordinere forvaltningas politikk for polarområda 2. Sikre ei god statleg forvaltning på Svalbard gjennom Sysselmannen 3. Leggje til rette for at lokaldemokratiet fungerer og at det framleis er eit robust lokalsamfunn i Longyearbyen

2.1 Heilskapleg og konsistent politikk for polarområda

Regjeringa la våren 2009 fram St.meld. nr. 22 (2008–2009) Svalbard (svalbardmeldinga). Det hadde då skjedd ei betydeleg utvikling på Svalbard sidan førre stortingsmelding om Svalbard blei lagt fram i 2000. Mellom anna vart det i 2002 etablert lokaldemokrati i Longyearbyen, og det hadde òg vore ein auke i aktivitetsnivået på dei fleste områda, inkludert forskning og turisme som er to av dei pilarane svalbardsamfunnet er tufta på.

Eit hovudmål for svalbardpolitikken er å oppretthalde ei robust busetjing i Longyearbyen. Å vere til stades på Svalbard bidrar til å sikre ei truverdig og effektiv forvaltning av Noregs store land- og sjøområde. Regjeringa vil difor arbeide for å vidareføre eit levedyktig svalbardsamfunn der miljøforvaltning, forskning, koldrift og reiseliv blir foreina innafor rammer som sikrar at øygruppa blir teken vare på som eitt av verdas best forvalta villmarksområde.

Klimaendringane i Arktis og den betydninga desse endringane har for det globale klimaet, gjer at Svalbard er eit viktig område for studium av klimaprosessar og konsekvensar av klimaendringane. Kunnskap vert omtalt som navet i Regjeringas nordområdestrategi, og Svalbard si rolle som plattform for norsk og internasjonal polarforskning, kunnskap og utdanning er eit viktig satsingsområde.

Svalbard har ein unik natur- og kulturarv som norske styresmakter har eit særskilt ansvar for å

bevare, og all næringsverksemd, ressursutnytting og forskning skal skje innafor dei rammer omsynet til bevaring av Svalbards naturmiljø og kulturminne set. Samstundes er det òg viktig å behalde naudsynt handlefridom framover, for å kunne møte nye utfordringar og nytte dei til ei kvar tid beste verkemidla i forvaltninga av øygruppa.

Beredskap og tryggleik på Svalbard

Klimaendringane skaper moglegheiter for og forventningar om aktivitetsauke i nord. Eit varmare polhav vil bidra til at fiskeriaktivitetane flytter nord og austover. Mindre is vil på sikt kunne opne nye ruter for den internasjonale skipsfarten mellom aust og vest. I svalbardmeldinga er det framheva at Longyearbyen vil kunne få auka betydning mellom anna som base for rednings- og forureiningsberedskap i dei nordlege havområda. Dette vart forsterka gjennom Stortinget si behandling av meldinga.

Auka aktivitet og trafikk i Arktis krev eit styrkt redningssamarbeid mellom dei landa som har ansvar for søk og redning i arktiske farvatn. Noreg underteikna i 2011 ei avtale med Canada, Danmark, Finland, Island, Russland, Sverige og USA om samarbeid om søk og redning i samband med luft- og sjøfart i Arktis. Noregs ansvarsområde for søk og redning er blitt utvida ved at Noreg tek ansvar lenger aust mot russisk ansvarsområde, og nord for Svalbard opp til polpunktet.



Figur 2.1 Ansvarsområde for søk- og redning i Arktis

Det styrkte redningssamarbeidet er viktig for optimal utnytting av dei ressursane som finst i regionen og for å komme naudlidande til unnsetning så raskt som mogleg. For å styrkje arbeidet med søk og redning på Svalbard og i nærliggande havområde, har Stortinget etter forslag frå Regjeringa vedteke at Sysselmannen frå 2014 skal ha to store likeverdige helikopter. Det er inngått kontrakt med Lufttransport AS om leige av to Super Puma helikopter med avansert utstyr. Bakgrunnen for dette er både det utvida ansvarsområdet som følger av avtala nemnd over, og den auka betydninga Longyearbyen vil få som base for rednings- og forureiningsberedskap i dei nordlege havområda. Dette vil styrkje redningsberedskapen på fleire måtar. Helikoptra har auka rekkevidde og vil kunne plukke opp 18 naudstilte innafør ein radius på 120 nautiske mil. Vidare har helikoptra større lasteevne, nytt moderne søkeutstyr og betre kommunikasjons- og sikkerheitsutstyr. I tillegg vert uttrykkingstida på reservehelikopteret som no er to timar i kontortida og 12 timar utanom denne,

reduisert til to timar heile døgnet. Vidare vil styrkinga auke tryggleiken for mannskapet. For å få tilfredsstillande hangarforhold for dei nye helikoptra vert det bygt ein ny moderne hangar. I revidert nasjonalbudsjett og i det ordinære statsbudsjettet for 2013 vart det løyvd midlar til hangaren. Hangaren skal etter planen stå klar 1. april 2014. Det vert foreslått løyvd midlar over svalbardbudsjettets kap. 6 (Sysselmannens transportbudsjett) for å drifte hangaren frå 2014.

Tenestefartøyet til Sysselmannen er òg ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssammenheng ved mellom anna fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslipp, personskadar m.v. I tillegg er det heilt avgjerande i dei årlege inspeksjonane av øygruppa og generelt i Sysselmannens utøving av mynde på øygruppa. Det er særskilt viktig at helikopter og båt kan samverke på ein god måte. Sysselmannens kontrakt om leige av tenestefartøy gjekk ut i 2012. For 2013 vart det inngått ein ny eittårig kontrakt. Frå 2014 er det inngått kontrakt med Remøy Management AS om leige av eit fartøy

med eit helikopterdekk som er stort nok for Sysselmannens nye helikopter. Det nye fartøyet er eit nybygg frå Havyard-verftet i Sogn og Fjordane. For å setje Sysselmannen i stand til å løyse nye og større utfordringar innafor arbeidet med redning og beredskap og for å tilpasse seg dei nye arbeidstidsføresegnene for politiet, foreslår Regjeringa å styrkje politibemanninga med tre nye stillingar frå 1. juli 2014. For ytterlegare omtale av desse tema, sjå del II, kap. 6 Sysselmannens transportteneste.

Auka aktivitet i så vel farvatna rundt Svalbard som i nordområda generelt har følgjer for sjøtryggleiken på Svalbard, og gjev forvaltinga utfordringar som må møtast. Førebygging er sentralt i så måte, og av viktige tiltak som er treft dei siste åra, kan mellom anna nemnast innføring av hamne- og farvasslova for Svalbard.

Utgreiingar og vurderingar frå Det Norske Veritas og Kystverket har dessutan synt at innføring av losteneste og losplikt på Svalbard, vil redusere risiko for hendingar og miljøskade i moderat til stor grad og styrkje tryggleiken til sjøs. Ved Stortingets behandling av statsbudsjettet for 2012, vart det difor vedteke å innføre ei statleg losteneste for all skipstrafikk i farvatna på Svalbard på same måte som på fastlandet. Med heimel i loslova fastsatte Fiskeri- og kystdepartementet forskrift 25. juni 2012 om losteneste på Svalbard. Forskrifta tok til å gjelde 1. juli 2012. Det er gjort enkelte tilpassingar i reglane ut frå lokale forhold på øygruppa, og det vil òg vere overgangsordningar med trinnvis innføring av losplikt for å gje aktuelle verksemdar tid til å tilpasse seg det nye regelverket.

I eigenskap av fylkesmann skal Sysselmannen i medhald av *Instruks for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbard av 18. april 2008* samordne samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet, og ivareta rolla som pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. I eigenskap av både politimeister og fylkesmann har Sysselmannen på Svalbard ei særskilt sentral og viktig rolle, både for å førebyggje uønskta hendingar og i å handtere oppståtte hendingar, både ikkje-planlagde som til dømes naturkatastrofar og planlagde hendingar som til dømes kriminalitet og terrorisme.

Sysselmannen har i 2013 utarbeidd ei ny risiko- og sårbarheitsanalyse for Svalbard. Dokumentet belyser eit utval risikoområde innafor hovudkategoriane naturhendingar, store ulykker og alvorlege tilsikta hendingar. Analysen er gjort i

samarbeid med dei lokale beredskapsaktørane på Svalbard og dannar grunnlag for revisjon og vidareutvikling av eit heilskapleg beredskapsplanverk. Sysselmannen vil fortsetje det gode samarbeidet med dei lokale beredskapsaktørane og overordna styresmakter i utviklinga av tryggleiken på Svalbard.

Av Regjeringas melding til Stortinget om samfunnstryggleik (Meld. St. 29 (2011–2012)), går det dessutan fram at det er eit mål for Regjeringa at befolkninga skal oppleve stor grad av tryggleik for liv, helse og viktige verdiar. Røynsle frå hendingar viser kor viktig det er å ha system for å oppretthalde samfunnets grunnleggjande funksjonsevne når alvorlege hendingar inntreffer.

Longyearbyen lokalstyre har sidan det blei oppretta i 2002 utvikla seg i retning av å bli meir lik ein vanleg kommune. Frå 2011 er kommunane pålagt ei generell beredskapsplikt gjennom ny lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven). Formålet med ei generell beredskapsplikt er at kommunen skal sjå arbeidet med tryggleik i samanheng og planlegge ut frå dette. 18. desember 2012 blei Longyearbyen lokalstyre pålagt ei tilsvarende plikt gjennom ei forskrift om dette med heimel i sivilbeskyttelseslova, som gjer delar av lova gjeldande for Svalbard. Forskrifta om beredskapsplikt for Longyearbyen lokalstyre pålegg lokalstyret sjølv å ta ansvar for eit systematisk, kontinuerleg og kvalitetsmessig godt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, og vurdere behovet for eventuelle særskilte førebuingar.

Olje- og energidepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet samarbeidar om korleis flom- og skredførebygging bør skje på Svalbard. Spørsmålet er omtala i Meld. St. 15 (2011–2012) punkt 4.4.

2.1.1 Samordne og koordinere Regjeringas politikk for polarområda

For å nå hovudmåla i svalbardpolitikken og dei delmåla som er nemnde over, har styresmaktene fleire verkemiddel. Det interdepartementale polarutvalet er eit særskilt viktig organ for dei sentrale styresmaktene si koordinering og samordning av norsk polarpolitikk. Vidare er dei viktigaste verkemidla lovgiving, løyvingar over statsbudsjettet herunder svalbardbudsjettet, Sysselmannen på Svalbard, som statens øvste representant på øygruppa, og lokal forvaltning gjennom Longyearbyen lokalstyre.


Det interdepartementale polarutvalet

Koordinering og oppfølging av politikkområda til fagdepartementa som gjeld Svalbard og polarområda elles, er viktig for å nå hovudmåla i polarpolitikken. Av instruksen for Det interdepartementale polarutvalet går det fram at det er justis- og beredskapsministeren som leier dette utvalet og difor har det overordna koordineringsansvaret for Svalbard, Jan Mayen og bilanda i Antarktis. Det er nødvendig å sjå dei enkelte fagetatane si verksemd i desse områda i samanheng og i eit breiare perspektiv. Polarutvalet fungerer i denne samanhengen som eit verktøy for Justis- og beredskaps-

departementet, som gjennom dette utvalet har ansvaret for å koordinere og samordne forvaltningsarbeid med polarsaker for å sikre ein heilskapleg norsk politikk i polarområda.

Svalbardutvalet vart oppretta allereie i 1965. I 1971 vart ansvarsområdet utvida til òg å gjelde Jan Mayen og bilanda i Antarktis. Namnet vart då endra til Det interdepartementale polarutvalet.

Polarutvalet består av representantar frå dei mest sentrale departementa i polarsamanheng og Statsministerens kontor, Norsk Polarinstitutt og Sysselmannen på Svalbard. Utvalet har møter om lag ti gonger i året.



Figur 2.2 Oversikt over Det interdepartementale polarutvalet.

Plikta til å leggje fram saker som vedkjem utanriks-, miljø-, ressurs-, forskings- og tryggleikspolitikk, saman med andre viktige saker for Polarutvalet, gjer at desse kan vurderast i samanheng og opp mot andre viktige omsyn i norsk polarpolitikk før det blir treft avgjerd i vedkommande fagdepartement. At saker blir lagt fram for Polarutvalet endrar ikkje vedkommande fagdepartements mynde til å treffe avgjerder, eller det konstitusjonelle ansvaret til vedkommande fagstatsråd.

Saker skal leggjast fram for Polarutvalet før avgjerd blir treft i det aktuelle fagdepartementet, og utvalet kan då gi rådgivande uttale til det aktuelle departementet. Dersom det aktuelle departementet vil avgjere saka i strid med uttale frå Justis- og beredskapsdepartementet eller Polarutvalet, skal saka leggjast fram for regjeringa.

Justis- og beredskapsdepartementet og Polarutvalet har òg ansvar for koordineringa av regjeringas politikk for Jan Mayen og bilanda i Antarktis. Lovgivingssituasjonen for dei norske bilanda i Antarktis er spesiell og krev særskilt vurdering i samband med lovgivingsarbeid. Det internasjonale samarbeidet om Antarktis skjer innafor ramma av Antarktistraktaten og inneber årlege møte mellom traktatpartane. Utanriksdepartementet leiar den norske delegasjonen til desse

møta, der mellom anna òg Justis- og beredskapsdepartementet deltek.

Arktisk Råd

Arktisk Råd er det einaste sirkumpolare samarbeidsorganet som omfattar alle dei arktiske landa. Rådet blei etablert i 1996, og medlemmane deler på å ha formannskapet, med to år av gongen. Sverige har hatt formannskapet sidan hausten 2011 og perioden vart avslutta med ministermøte i Kiruna våren 2013. Canada overtok deretter formannskapet. Noreg er ein pådrivar i arbeidet med å styrkje Arktisk Råd. Styrkinga skjer gjennom opptak av nye observatørar, etablering av eit eige sekretariat – som er lagt til Tromsø, og ved å handtere utfordringar som følgje av klimaendringane og moglegheitene for auka menneskeleg aktivitet i Arktis. Regjeringa arbeider for at Arktisk Råd møter desse utfordringane med sikte på å nytte moglegheitene på eit berekraftig vis. Rådet har dei siste åra utvikla seg frå eit reint drøftande organ til eit forum som òg tek initiativ til å forhandle fram juridisk bindande avtaler mellom medlemslanda i rådet. I 2011 vart det, etter initiativ frå Arktisk Råd, inngått ei avtale mellom dei åtte arktiske landa om søk og redning i Arktis.

Etter same modell har landa forhandla fram ei avtale om beredskap og respons for handtering av oljeforureining i dei arktiske farvatna. Denne vart underteikna på ministermøtet våren 2013. Dette har bidrege til å styrkje og sikre Arktisk Råd som den viktigaste internasjonale møteplassen for å forme ny politikk for handtering av utfordringar i Arktis. På same møte blei òg India, Italia, Japan, Kina, Singapore og Sør-Korea tekne opp som permanente observatørar. Det blei òg bestemt at EU skal bli observatør, men dette vil først skje når nokre uteståande spørsmål mellom EU og Canada er avklarte. Opptaket av nye observatørar bidrar til å bekrefte Arktisk Råd si sentrale stilling som internasjonal møteplass for arktiske spørsmål. Utanriksdepartementet leier den norske delegasjonen til møta i Arktisk Råd, der mellom anna òg Justis- og beredskapsdepartementet deltek.

Lovgivning

Normaliseringa av samfunnsfunksjonane på Svalbard og dei stadig meir omfattande folkerettslege pliktene Noreg tek på seg reint generelt, har dei siste åra ført til eit aukande behov for å innføre nye lover og forskrifter for Svalbard. Lovgivning er dessutan eit viktig verkemiddel for å sikre ei fornuftig samfunnsutvikling på Svalbard innanfor rammene av dei overordna måla i svalbardpolitikken. Riksrevisjonen peika i sin forvaltningsrevisjon av Svalbard (Dokument nr. 3:8 (2006-2007)) på at Svalbard på nokre område syntest å vere underregulert. Regjeringa har lagt vekt på dette og drøfta difor lovgivingssituasjonen grundig i svalbardmeldinga. Det vart då slått fast at ny lovgiving for fastlandet skal innførast for Svalbard òg, med mindre særlege tilhøve talar mot dette. Det vart òg varsla ein gjennomgang av lovgivinga og rettstilhøvet på nokre særskilde felt.

Fleire sentrale lover er dei seinare åra gjort gjeldande for Svalbard. Her kan nemnast hamne- og farvasslova, konkurranselova, loslova og sikkerheitslova.

All ny lovgiving vert likevel ikkje gjort gjeldande for Svalbard heilt automatisk. Lovgivinga om privatrett, strafferett og om rettspleie gjeld på Svalbard når ikkje anna er fastsett, mens anna offentlegrettsleg lovgiving ikkje gjeld utan når det er særskilt fastsett. Dette er slått fast i Svalbardlova § 2. Gjennom behandlinga av svalbardmeldinga kom ein fram til at dette systemet skulle førast vidare, og utanrikskomiteen slutta seg til at dette er ei formålstenleg løysing, fordi rammene for lokalsamfunnet er noko annleis enn for fastlandet. Det vert såleis gjort ei spesiell vurdering av

tilhøvet til Svalbard ved innføring av offentlegrettsleg lovgiving, men då altså med det utgangspunktet at lover skal gjelde for Svalbard med mindre særlege grunnar talar imot det.

På nokre rettsområde er det framleis naudsynt å vurdere særskilt i kva mon lovgivinga skal gjelde for Svalbard. Dette gjeld så vel allereie vedtekte lover og forskrifter som ny lovgiving. Ein må mellom anna vurdere om det skal gjerast tilpassingar i høve til staden, og/eller om det er naudsynt med overgangsordningar. Til dømes skal nærings- og selskapslovgivinga no tilpassast for Svalbard. Det gjeld i første rekkje rekneskaps-, og bokføringslova. Dei andre delane av lovgivinga på dette feltet, mellom anna aksjelova, revisorlova og lova om stiftingar vil bli vurderte i etterkant av dette.

Vidare er det slått fast at sjølv om Longyearbyen på fleire område liknar på eit lokalsamfunn på fastlandet, og det er eit mål at det òg skal vere eit robust familiesamfunn, skal det likevel ikkje vere eit livsløpsamfunn. Utlendingslova gjeld heller ikkje. Det offentlege tenestetilbodet innanfor helse- og sosialområdet er difor avgrensa. I ei lovregulering av tenesteytinga innanfor t.d. helsesektoren, må det difor gjerast ei eiga vurdering av kva for reglar som er naudsynte. Helse- og omsorgsdepartementet arbeider for tida med å modernisere helselovgivinga for Svalbard. Føremålet er ikkje å innføre nye typar tenester på øygruppa, men å leggje lovgivinga tettare opp til fastlandslovgivinga (sjå meir om dette i pkt. 4.7).

Vidare er Direktoratet for tryggleik og beredskap i gang med å utgreie brannlovgivinga på Svalbard. Ein rapport med anbefalingar om tilpassingar for Svalbard og vidare prosess for arbeidet, vil truleg bli lagt fram i løpet av hausten.

2.1.2 Sikre ei god statleg forvaltning på Svalbard gjennom Sysselembannen

Sysselembannen på Svalbard er regjeringas øvste representant på øygruppa. Sysselembannen har rolle både som politimeister og fylkesmann og er ein av de viktigaste aktørane i det lokale forvaltningsapparatet på Svalbard og i forvaltninga av dei statlege interessene på øygruppa. I tillegg til å forvalte norsk svalbardpolitikk og ta vare på Noregs rettar og plikter etter Svalbardtraktaten, har Sysselembannen ei viktig rolle som premissleverandør for utforminga av svalbardpolitikken.

Sysselembannens kjerneoppgåver er rednings- og beredskapsarbeid, ansvar for politi- og påtalestyresmakt, og miljøforvaltning på øygruppa.

Svalbard er i utstrekning Noregs største politidistrikt, og Sysselembannen har mynde på lik linje

med ein politimeister på fastlandet. I denne eigen- skapen er Sysselmannen òg leiar for den Lokale redningsentralen (LRS). Vidare har Sysselman- nen i kraft av å vere fylkesmann det koordine- rande ansvaret for samfunnsberedskapen på øygruppa. Sysselmannen utgjer òg ein viktig stat- leg ressurs for oljevernberedskapen. Bevaring av Svalbards særlege villmarksnatur er eit av hovudmåla i norsk svalbardpolitikk. Syssel- mannen har ansvaret for den lokale miljø- og kul- turminneforvaltinga for heile øygruppa og utøvar denne gjennom mellom anna svalbardmiljølova med forskrifter. I arbeidet med å utøve mynde, vere tilstades og halde beredskap i nordområda, er transporttenesta til Sysselmannen heilt avgje- rande. Dette gjeld både helikoptertenesta og tenestefartøyet. Dei nye kontraktane for helikop- ter og tenestefartøy er med på å styrkje Syssel- mannens kjerneoppgåver, og auke tryggleiken på øygruppa.

Det at både politifagleg og miljøfagleg eksper- tise er samla i Sysselmannens organisasjon, mog- leggjer ei god fagleg forvaltning av plan- og enkeltsaker, eit godt informasjonsarbeid og ei effektiv etterforskning av miljøkriminalitet. Turisme og ferdsel på Svalbard krev at ein held godt oppsyn, slik at ein kan avdekkje moglege brot på føresegna om vern av Svalbards natur- og kulturmiljø.

Sysselmannen er administrativt underlagt Jus- tis- og beredskapsdepartementet, og får løyvin- gane sine over svalbardbudsjettet. På fleire fagom- råde er han likevel underlagt andre departement. For nærare omtale av utfordringar på til dømes miljøvernområdet, sjå pkt. 4.1.

Befolkningsauken i Longyearbyen dei siste ti åra og ei utvikling der stadig fleire lover blir gjort gjeldande på øygruppa, har ført til auke i Syssel- mannens oppgåver både i omfang og kompleksit- et. Ikkje minst gjeld dette fordi interessa for Sval- bard er stor både frå nasjonalt og internasjonalt hald, frå politiske aktørar, næringsaktørar, for- skingsmiljø og media. Regjeringa legg vekt på at Sysselmannen må utviklast vidare i rolla som regjeringas øvste representant på øygruppa og som premissleverandør for utforminga av norsk svalbardpolitikk. Stortinget slutta seg til dette gjennom si behandling av svalbardmeldinga, og understreka spesielt at rednings- og politiressur- sane til ei kvar tid må vere tilstrekkeleg dimensjo- nerte til å handheve Sysselmannens ansvar inna- for desse områda.

Arbeidet med å reparere og oppgradere sys- selmannsgarden vart slutført i 2012. Garden er viktig som lokale for representasjon. Sysselman-

nens administrasjonsbygning har i fleire år hatt for liten kapasitet. Bygningen blei frå 2012 inn- lemma i den statlege husleigeordninga. Arbeidet med å utvide bygningen vert sett i gang hausten 2013 og vert etter planen ferdigstilt i 2014. Dette vil gje større kontorareal, og mellom anna sikre eit tidsmessig stabsrom til bruk i krisesituasjonar.

2.1.3 Leggje til rette for at lokaldemokratiet fungerer og at det framleis er eit robust lokalsamfunn i Longyearbyen

Å oppretthalde norske samfunn på øygruppa er eit av hovudmåla i norsk svalbardpolitikk. Denne målsetjinga blir oppfylt i hovudsak gjennom fami- liesamfunnet i Longyearbyen. Longyearbyen lokalstyre (LL) har etter at det vart oppretta i 2002 blitt ein viktig medspelar for dei sentrale styres- maktene ved at dei innafor ramma av norsk sval- bardpolitikk arbeider for ei miljøforsvarleg og berekraftig utvikling av lokalsamfunnet i Long- yearbyen. Lokalstyret får løyvinga si over sval- bardbudsjettet. Ved utarbeiding av budsjettet mot- tek departementet innspel frå lokalstyret. Det blir òg arrangert jamlege kontaktmøte med Justis- og beredskapsdepartementet. På desse møta blir mellom anna viktige budsjettspørsmål og aktuelle problemstillingar diskuterte. LL underrettar Jus- tis- og beredskapsdepartementet om lokale utfor- dringar, mens departementet nyttar møta til å for- midle statleg politikk og forventningar til lokalsty- ret. Justis- og beredskapsdepartementet ser ein stor verdi i denne dialogen. Som ei oppfølging etter svalbardmeldinga er det òg etablert eit fast årleg kontaktmøte mellom LL og Det interdepar- tementale polarutvalet.

Den vellykka satsinga på Svalbard, og Long- yearbyen især, har òg hatt innverknad på teneste- tilbodet i Longyearbyen som Longyearbyen lokal- styre har ansvaret for. Veksten i samfunnet har mellom anna skapt behov for fleire bustader, og barnehage- og skuleplassar. For å medverke til at lokalstyret kan setje i verk naudsynte tiltak inna- for skule- og barnehageområdet, vart budsjettet deira styrkt med i alt 2,7 mill. kroner frå og med 2010.

Solide og tilstrekkelege rammevilkår er ein viktig føresetnad for at LL skal kunne handtere noverande og ikkje minst framtidige oppgåver på ein god og effektiv måte.

Lokalstyret har ansvar for å utøve mynde på utvalde saksområde, for offentleg tenesteyting og for utviklingsoppgåver innafor eit geografisk avgrensa planområde, Longyeardal. Dette inneber mellom anna energiforsyning, samfunns- og areal-

planlegging, kart- og delingsforretningar, byggesaksbehandling, veg, vatn, avløp, renovasjon, kai-teneste, brannvern, økonomiplanlegging, næringsarbeid, statistikkproduksjon, utvikling og samordning av samfunnstenester retta mot barn, ungdom og vaksne, barnevern, sosialrådgiving, ungdomsarbeid, barnehagar og drift av skulen.

Longyearbyen lokalstyre har til no organisert verksemda si slik at strategiske oppgåver, utøving av mynde og overordna bestillarfunksjon blir tekne hand om i lokalstyrets eigen administrasjon. Sjølve driftsoppgåvene for samfunnet har i hovudsak blitt ivaretekne gjennom tre «kommunale» føretak: Oppvekstføretak KF med ansvar for oppvekst, Kultur- og fritidsføretak KF med ansvar for kultur og fritid og Bydrift KF med ansvar for drift av teknisk infrastruktur. Lokalstyret har no vedteke ein ny modell, der føretaka blir fjerna og det øvste nivået skal bestå av administrasjonssjefen og to sektorleiarar. I nivået under ligg dei ulike einingane som bibliotek, kulturhus, barnehage, skule, vatn, plan og bygg. Endringane blir sette i verk frå årsskiftet 2013–2014.

Den norske busetjinga på øygruppa har tradisjonelt vore knytt til koldrift. Dette er framleis den næringa som har flest sysselsette. Det siste tiåret har det vore ein auke i både offentleg og privat verksemd, særleg innan turisme og reiseliv. Aktiviteten har òg auka innafor forskning og høgare utdanning, først og fremst i Longyearbyen og Ny-Ålesund.

Tabell 2.2 Utvikling i talet på gjestedøgn

År	Gjestedøgn
2005	78 000 (ca)
2006	82 000 (ca)
2007	86 000 (ca)
2008	88 951
2009	82 307
2010	81 718
2011	85 785
2012	84 142

Etter ein topp i 2008 med nær 89 000 gjestedøgn gjekk talet ned i åra 2009–2010 for så å auke igjen dei to siste åra. Talet på gjestedøgn i 2012 var likevel lågare enn i åra 2007–2008.

Utviklinga i kolnæringa er utfordrande, og Store Norske må tilpasse seg utviklinga mellom anna med å redusere talet på tilsette. Talet på til-

sette i Store Norske dei siste åra går fram av tabellen nedanfor:

Tabell 2.3 Talet på tilsette i Store Norske

År	Talet på tilsette
2005	314
2006	366
2007	396
2008	387
2009	368
2010	337
2011	370
2012	396
2013	300*

*prognose per 31.12.13

Etter ein nedgang i talet på tilsette i Store Norske i åra 2007–2010 har talet auka att i åra 2011 og 2012. Selskapet har i 2013 sett i verk tiltak for å redusere talet på tilsette frå ca. 380 medio 2013 til «ned mot 300» ved utgangen av 2013. Nærings- og handelsdepartementet følgjer nøye den tilpassinga selskapet no gjennomfører - mellom anna med å redusere talet på tilsette - for å ha eit meir robust økonomisk fundament for den vidare drifta.

Lokale aktørar har teke initiativ til å etablere eit næringsutviklingsselskap i Longyearbyen. Dette er eit positivt initiativ og vil kunne medverke i arbeidet med å etablere og utvikle ny kunnskapsbasert næringsaktivitet i Longyearbyen. Longyearbyen Næringsforeining i samarbeid med Longyearbyen lokalstyre er i oppstarten av arbeidet med å lage ein næringsanalyse. Målet er at analysen kan medverke til å utvikle eit meir robust næringsliv i Longyearbyen. Nærings- og handelsdepartementet, Innovasjon Noreg og Justis- og beredskapsdepartementet har til saman tildelt 0,8 mill. kroner til dette arbeidet.

Drift og vedlikehald av infrastruktur i Arktis er spesielt krevjande. Infrastrukturen i Longyearbyen er i stor mon frå 1970-talet. Ein ser i aukande grad eit behov for ei oppgradering til det som er standard elles. Dette gjeld både vegar, bustader, røyrframføringar og liknande. Longyearbyen lokalstyre har kontinuerleg merksemd på korleis dette vedlikehaldsetterslepet kan handterast.

Klima- og forureiningsdirektoratet påla Longyearbyen lokalstyre, som eig kraftverket, eit rein-

sekraft frå juli 2012. Tidspunktet vart seinare forlenga til 2014. I budsjetta for 2012 og 2013 vart det løyvd 43,8 mill. kroner til å starte bygging av reinseanlegget. For 2014 vart det foreslått å vidareføre løyvinga med ytterlegare 41 mill. kroner i investeringskostnader og 1 mill. kroner i driftskostnader.

Desember 2012 braut det ut brann i energiverket i Longyearbyen. Brannen førte til betydelege skadar og avdekte samtidig fleire svake sider i energiforsyninga i Longyearbyen. Dei løyvingsmessige konsekvensane av å utbetre desse svakheitene blei spelte inn i arbeidet med Revidert nasjonalbudsjett 2013, og gjennom behandlinga i Stortinget 21. juni 2013 fekk Regjeringa tilslutning til å styrkje lokalstyret med 5,1 mill. kroner for å utbetre forholda ved kraftverket og slik styrkje beredskapen i Longyearbyen.

Våren 2013 kom ei tilstands- og levetidsvurdering av energiforsyninga i Longyearbyen. Dei faglege vurderingane i analysen er klare på at det er eit sterkt behov for oppgraderingar og investeringar i kraftverket for å sikre leveransen av straum og

varme og forlenge levetida til kraftverket. Som eigar av kraftverket i Longyearbyen er Longyearbyen lokalstyre ansvarleg for tryggleiken i leveransen av varme og energi i lokalsamfunnet. Dei faglege anbefalingane i tilstands- og levetidsvurderinga har, saman med kritiske brot i nettopp leveransen av varme og energi våren og forsommaren 2013, ført til at lokalstyret ønskjer å prioritere dette arbeidet straks. Longyearbyen lokalstyre vil derfor setje i gang arbeidet med opprusting av kritiske tryggleiksfaktorar allereie hausten 2013. Konsekvensen av dette er at arbeidet med å reinse kraftverket vart nedprioritert i den perioden opprustingane finn sted. Arbeidet med å reinse kraftverket vil etter planen bli teke opp igjen i 2014/2015.

Komiteen bad under si behandling av svalbardmeldinga Regjeringa vurdere om ansvaret som grunneigar i Longyearbyen bør overførast frå Store Norske til andre. Ei arbeidsgruppe under leiing av Nærings- og handelsdepartementet har gjort ein slik gjennomgang og Justis- og beredskapsdepartementet har no saka til vurdering.

3 Forslag til svalbardbudsjett for 2014

Regjeringa har gjennom dei siste åtte åra hatt spesiell merksemd på å leggje til rette for eit robust familiesamfunn i Longyearbyen, god styresmaktsutøving gjennom styrking av Sysselmannen og arbeidet med redning og tryggleik.

Skatten i lønnsstrekkinga på Svalbard vart auka frå 1. januar 2006. Auken skuldast ei tilpassing til skattereforma på fastlandet. Samstundes blei det nedsett ei arbeidsgruppe for å vurdere skattesystemet på Svalbard. Grappa konkluderte med at ein framleis bør leggje vekt på å bruke lågt skattenivå som verkemiddel for å sikre busetjing og aktivitet på Svalbard. På bakgrunn av dette foreslo Regjeringa i statsbudsjettet for 2008 å redusere skattesatsen på lønnsinntekt til 8 pst., noko som vart vedteke av Stortinget. For ytterlegare å leggje til rette for barnefamiliar i Longyearbyen, er det innført eit eige svalbardtillegg i barnetrygda.

Robust leveranse av kraft og straum er avgjerande for eit velfungerande lokalsamfunn. Longyearbyen lokalstyre har ansvaret for kraftverket i Longyearbyen. I 2007 vart det løyvd midlar for etablering av eit nytt moderne reservekraftanlegg i Longyearbyen. Vidare har Klima- og forureiningsdirektoratet pålagt Longyearbyen lokalstyre eit reinsekrah. Som nemnt over vart det i statsbudsjettet for 2012 og 2013 løyvd til saman 43,8 mill. kroner i investeringsmidlar til dette formålet. Reinsinga vert fullfinansiert gjennom ei ytterligere løyving på 41 mill. kroner til investeringar (og om lag 1 mill. kroner til drift) i 2014. Samstundes vil Longyearbyen lokalstyre etter anbefalingar i ei tilstandsvurdering frå våren 2013, setje i gang arbeidet med opprusting av kritiske tryggleiksfaktorar allereie hausten 2013.

Regjeringa legg vekt på at Sysselmannen skal utviklast vidare i den viktige rolla som regjeringas øvste representant på øygruppa og som premissleverandør for utforminga av norsk svalbardpolitikk. Sysselmannsgarden er viktig som bustad for sysselmannen og som lokale for representasjonsoppgåver. Arbeidet med å oppgradere og reparere garden vart slutført i 2012. Sysselmannens administrasjonsbygg har i fleire år hatt for liten kapasitet. Ei utviding av bygget vert sett i

gang hausten 2013 og bygget skal etter planen stå ferdig hausten 2014. Dette vil gje større kontorareal, og mellom anna sikre eit tidsmessig stabsrom til bruk i krisesituasjonar. Begge desse byggeprosjekta vert løyste gjennom husleigeordninga til Statsbygg og ein auke i husleiga.

Som ein konsekvens av auka aktivitet på Svalbard og i dei nærliggande havområda og utvida ansvarsområde i Arktis, har Stortinget etter forslag frå Regjeringa vedteke at Sysselmannen frå 2014 skal ha to store likeverdige helikopter. Dette vil bidra til å styrkje redningsberedskapen på fleire måtar. Helikoptra har lengre rekkevidde og vil kunne plukke opp 18 naudstilte innafor ein radius på 120 nautiske mil. Vidare har helikoptra større lasteevne, nytt moderne søkeutstyr og betre kommunikasjons- og tryggleiksutstyr. For å få tilfredsstillande hangarforhold for helikoptra frå 2014, vert det bygt ein ny moderne hangar. Som ei følgje av denne styrkinga vert det foreslått å auke løyvinga til Sysselmannens transportkapittel med 65,3 mill. kroner.

Tenestefartøyet til Sysselmannen er òg ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssammenheng, mellom anna ved fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslipp, personskadar m.v. I tillegg er fartøyet heilt avgjerande i dei årlege inspeksjonane av øygruppa og generelt i Sysselmannens utøving av mynde på øygruppa. Frå 2014 er det inngått kontrakt med Remøy Management AS om leige av eit nytt fartøy som vert bygd på Havyardverftet i Sogn og Fjordane. Som ei følgje av denne styrkinga vert det foreslått å auke løyvinga til Sysselmannens transportkapittel med 17,3 mill. kroner.

I tillegg vert det foreslått å styrkje Sysselmannen med tre politistillingar frå 1. juli 2014 for å setje Sysselmannen betre i stand til å løyse nye og større utfordringar på rednings-, beredskaps-, og tryggleiksområdet innafor dei gjeldande arbeidstidsføresegnene for politiet.

Løyvinga på Sysselmannens driftsbudsjett er foreslått auka med om lag 6,7 mill. kroner til nye stillingar i miljøvernavdelinga og i politiavdelinga, og til å dekkje utstyr og auka husleige i samband med at administrasjonsbygget vert utvida. Syssel-

mannens transportbudsjett er styrkt med 81 mill. kroner i samband med dei nye leigekontraktane for tenestefartøy og helikopter og for å dekkje leige av ny helikopterhangar på lufthamna. Vidare er Longyearbyen lokalstyre i tillegg til løyvingane til reinseanlegget tilført omlag 0,35 mill. kroner mellom anna i samband med ordninga med maksimalpris i barnehagar, to årlege opptak i barnehagar, og innføring av valfag i ungdomsskulen.

Budsjettramma på svalbardbudsjettet for 2014 er 455,8 mill. kroner. Dette er 138,5 mill. kroner eller 43,7 pst. auke i forhold til vedteke budsjett for 2013. I auken ligg det òg kompensasjon for prisstigning.

Underskotet på svalbardbudsjettet for 2014 er stipulert til 323,2 mill. kroner og blir dekt inn gjennom eit tilskot over Justis- og beredskapsdepartementets budsjett kap. 480 post 50 Tilskot. Storleiken på tilskotet har variert frå år til år, og er blitt auka ved ekstraordinære tilskotsbehov. Som det går fram av rekneskapstala for 2009–2012 var inntektene desse åra uvanleg høge. Dette har gitt eit positivt resultat som inneber at svalbardbudsjettet heller ikkje i 2012 mottok tilskot, men tilbakeførte midlar til statskassa. Endringar i reglane for skattlegging av bedrifter som blei vedtekne frå 2012, og eit venta svakare driftsresultat for Store Norske Spitsbergen Kolkompani, er venta å gje lågare skatteinntekter att frå 2014.

Bortsett frå statstilskotet er skattar og avgifter frå Svalbard den største inntektsposten, jf. omtala under kap. 3030. Skatteinntektene for 2014 er rekna til 120 mill. kroner, ei nedgang frå 159 mill. kroner i 2013. Dette fører til at tilskotet over kap. 480 post 50 må aukast med 177,5 mill. kroner i 2014. Inntektene frå skattar og avgifter utgjer 28 pst. av dei samla inntektene over svalbardbudsjettet.

Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Ein stor utgiftspost er Sysselmannens transportteneste (kap. 6), som mellom anna inkluderer utgifter til redningshelikopter. Andre store utgiftspostar er løyving til Sysselmannens ordinære drift (kap. 5), Statens bygningar i Longyearbyen (kap. 20) og til Longyearbyen lokalstyre (kap. 3), kor det vert løyvd midlar til drift av lokalstyret og tilskot til drift og utbygging av offentlege tenester og infrastruktur som Longyearbyen lokalstyre har ansvaret for. I tillegg inneheld svalbardbudsjettet fleire små budsjettkapittel, som til dømes løyving til Svalbard kyrkje, Svalbard skattekontor og Staten sine bygningar på Bjørnøya og Hopen.

Ei oversikt over inntekter og utgifter og ei oversikt over utgiftene fordelte på postnivå, er gitt i pkt. 5 nedanfor. I del II er det ei nærare omtale av dei enkelte budsjettkapitla.

4 Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over statsbudsjettet (jf. vedlegg 1)

For 2014 er det foreslått løyvd netto om lag 728 mill. kroner over statsbudsjettet til svalbardformål. Dette talet omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet over Justis- og beredskapsdepartementets kap. 480 og utgiftene til Svalbard som blir dekte over budsjetta til dei andre departementa, jf. vedlegg 1. Inntektene frå Svalbard som går inn på budsjetta til dei andre departementa er trekte frå, jf. vedlegg 2. Tilsvarende tal i 2013 var om lag 536 mill. kroner.

4.1 Miljøverndepartementet

Sysselmannen har ei eiga miljøvernavdeling og er lokal miljøvernstyresmakt på Svalbard. Det faglege styringsansvaret for Sysselmannens miljøvernoppgåver ligg hos Miljøverndepartementet. Departementet har òg delegert mynde på sentrale område til Direktoratet for naturforvaltning, Klima- og forureiningsdirektoratet (frå 1. juli 2013 slått saman til Miljødirektoratet) og Riksantikvaren. Saman med Norsk Polarinstittutt, som er fagleg rådgivar for forvaltninga i polare spørsmål, representerer den faglege kompetansen og forvaltningserfaringa i desse direktorata ei vesentleg støtte til Sysselmannens miljøvernarbeid.

Over Miljøverndepartementets budsjett vil det bli løyvd om lag 191 mill. kroner til svalbardformål. Om lag 91 mill. kroner av dette går til Norsk Polarinstittutts verksemd på og rundt Svalbard. Resten går til Sysselmannen på Svalbard, Miljødirektoratet, Statens kartverk og til forskning og overvaking mellom anna i regi av Noregs forskingsråd. Sjå oversikt over løyvingane i vedlegg 1. Driftsbudsjettet for Sysselmannen, inkludert miljøvernavdelinga, blir løyvd over svalbardbudsjettets kap. 5 Sysselmannen. Det blir òg løyvd midlar til miljøvernarbeid over svalbardbudsjettets kap. 9 Kulturminnetiltak, jf. omtale i del II.

Miljøverndepartementet styrkte svalbardbudsjettet varig med ei rammeoverføring på 2 mill. kroner i 2012 til to nye stillingar i miljøvernavdelinga hos Sysselmannen, og med ei rammeover-

føring på 1,5 mill. kroner i 2013 til ytterligare 1 ½ stilling i miljøvernavdelinga.

Gruvedrift er framleis den sentrale næringsverksemda på Svalbard, men òg forskning/utdanning og turisme har blitt viktige næringsvegar. Til dømes er det ein tydeleg auke frå 2011 til 2012 i talet passasjerar som besøker Svalbard med oversjøiske cruiseskip. Skipa har generelt hatt fleire seglingar til Svalbard i 2012, og det har vore fleire større skip. I tillegg er talet på private småbåtar som besøker Svalbard i løpet av sommarsesongen aukande. Talet på ilandstigningsstader har òg auka i same perioden.

Sjølv om folketal og næringsaktivitet framleis er lite i høve til Svalbards areal, påverkar lokal verksemd miljøet både gjennom inngrep, forstyringar og slitasje knytt til ferdsel, og i utslepp til vatn, luft og grunn. Den lokale påverkinga er moderat og særleg knytt til områda kring busettjingane og gruveområda.

Ei rekkje miljøgifter blir transporterte langvegs frå med is- og havstraumar til Arktis. Kvikksølv, PCB, bromerte flammehemmarar og perfluorerte organiske sambindingar er blant dei miljøgiftene som er rekna som mest problematiske. Målingar på Zeppelinstasjonen i Ny-Ålesund viser at PCB i luft er redusert med 69 pst. i tidsrommet 1999 til 2010. Det er no òg registrert ein betydeleg nedgang i PCB i til dømes isbjørn, polarlomvi og ringsel. Kvikksølv vert ført med luft- og havstraumar nordover til Arktis, og kvikksølvnivået i miljøet er særskilt høgt her. Det er likevel ikkje påvist auka kvikksølv i miljøet på Svalbard. Det er registrert ein nedgang på 30 pst. av bly i luft på Zeppelinfjellet for perioden 1994–2010. På den andre sida er fleire nye kjemiske stoff påvist i sediment og ei rekkje arktiske dyr. Frå tidlegare er bromerte flammehemmarar funne i prøvar frå isbjørn og polarmåke frå Svalbard og Bjørnøya. Ei fersk undersøking har no påvist fosfororganiske flammehemmarar (PFR) i dyr på Svalbard.

Samstundes vert miljøet på Svalbard påverka på meir gjennomgripande måte gjennom klimaendringar. Temperaturane i Arktis har dei siste

tiår auka dobbelt så raskt som det globale gjennomsnittet. Dette kan òg merkast på Svalbard. I Longyearbyen har gjennomsnittstemperaturen sidan midten av 1960-talet i snitt auka med 0,9° C per tiår. På Svalbard kan ein òg observere rask tilbaketrekking av brefrontane og massetap frå breane, og stigande temperatur i permafrosten. Stigande temperatur, raskt minkande sjøis og meir nedbør vil føre med seg store endringar i økosystem og i livsvilkåra for arktiske arter. Dette gjeld særleg arter som har sjøisen som leveområde, slik som isbjørn og sel. Ein kan allereie sjå effektar av varmare klima og mindre is på utbreiinga av slike arter. På lengre sikt er det fare for at fleire av dei vil forsvinne frå svalbardområdet. Endringar i permafrosttemperatur og tjukkeleik på det aktive øvste jordlaget kan endre hydrologien og vilkåra for plante- og dyrelivet. Klimaendringane kan òg skape vanskar for infrastrukturen i framtida og påverke reiseliv og forskning og anna næringsaktivitet.

Miljøvernarbeidet vil i 2014 ha fokus på å beskytte villmarksområda på Svalbard. Det vil bli lagt særleg vekt på å avgrense belastninga på Svalbards natur og kulturminne og sikre viktige leveområde for sårbare arter og verneområda sin kvalitet som referanseområde for forskning. Forvaltninga må ta omsyn til endringar i klima og tilførsel av forureining, og sikre at lokal verksemd skjer innanfor rammer som sikrar at den samla belastninga på arter og økosystem ikkje blir for stor. Forvaltningsplanar for dei store verneområda vil framleis ha høg prioritet. Ein forvaltningsplan skal ta hand om verneformålet og samtidig leggje til rette for bruk som er i samsvar med dette formålet. Eit utkast til forvaltningsplanar og medfølgjande forskriftsendringar for dei store naturreservata på Aust-Svalbard er fastsett, og førebuingane til arbeidet med slike planar for nasjonalparkane er starta opp.

Miljøvernarbeidet vil òg ha merksemd på klimaendringane og deira betyding for forvaltninga av miljøet på Svalbard. Ein ser her starten på nye omfattande miljøutfordringar, både som følgje av at arter får problem med å tilpasse seg klimaendringane, og som følgje av at nye hav- og kystområde blir isfrie og meir tilgjengelege for ferdsel og anna aktivitet. Det er òg ei utfordring å førebyggje introduksjon og spreiding av framande arter, og rydde opp i lokale forureiningar til luft, jord og vatn.

Det arbeidet som er starta opp med å utgreie Svalbard som eit mogeleg verdsarvområde, vil halde fram. Den strenge reguleringa av inngrep og barmarkskøyning som kan påverke våtmarks-

områda skal førast vidare. For Ramsar-områda på Svalbard skal det utarbeidast forvaltningsplanar som skal ta omsyn til våtmarker og artene som er knytte til desse områda.

Ein handlingsplan for isbjørn, som er særleg sårbar for effektane av klimaendringar vert ferdigstilt og arbeidet med å implementere handlingsplanen skal startast opp.

I 2014 vil arbeidet med nytt geodetisk observatorium i Ny-Ålesund være godt i gang. Vidare vil det gå føre seg sjømåling omkring Svalbard.

Svalbards rolle og betydning som internasjonal forskingsplattform er styrkt, ikkje minst når det gjeld klima, gjennom Det internasjonale polaråret IPY, og initiativet «Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System» (SIOS). Det vil difor bli arbeidd for å leggje til rette for ei målretta forskingsverksemd og ei effektiv miljøovervaking på Svalbard som set myndigheitene i stand til å følgje og dokumentere spesielt klimautviklinga, og tilpasse miljøforvaltninga til endringar i klima og miljøforhold.

Oppfølginga av miljøvernoppgåvene representerer ei stadig større utfordring for Sysselmannen, og omfanget av søknader etter svalbardmiljølova har dei siste åra auka, først og fremst som ei følgje av meir forskingsaktivitet og turisme. Auka aktivitet og ferdsle på Svalbard gjer at det òg blir eit større behov for nye miljøverntiltak der Sysselmannen vil ha ei viktig rolle. Dette omfattar til dømes miljøverntiltak som sikrar verneområda. Det er òg naudsynt med tiltak for å avgrense lokal forureining, og vern av kulturminne i og utanfor busetjingane.

Kulturminneverdiane vert påverka av auka utbygging i busetjingane, ferdsel i terrenget og klimaendringar. Det er særleg behov for auka innsats i samband med dei industrielle kulturminna som til dømes dei freda taubane- og uteanlegga til gruvene i Longyearbyen og den gamle kraftstasjonen. Desse er viktige symbolstrukturar for Longyearbyen og Svalbard og har alle nådd ei kritisk grense med omsyn til vidare bevaring.

Kunnskap er ein føresetnad for god forvaltning av miljøet på Svalbard. Norsk Polarinstituttt gjennomfører omfattande forskning på Svalbard. I tillegg vil Framsenteret (FRAM - Nordområdesenter for klima- og miljøforskning) gjennom fleirfaglege og tverrfaglege forskingsprosjekt bringe fram ny kunnskap relevant for forvaltninga av øygruppa.

Svalbards miljøvernfond feira femårs jubileum i 2012, og i jubileumsåret delte fondet ut i overkant av 13 mill. kroner til ulike miljøprosjekt. Sidan oppstart i 2007 har fondet gitt støtte til 295

prosjekt med ein samla sum på 52,5 mill. kroner. Årleg fordeler fondet om lag 8–10 mill. kroner til miljøprosjekt. Private og offentlege verksemdar, privatpersonar og organisasjonar kan søkje om støtte frå fondet. Fondsmidlane skal i hovudsak brukast til skjøtsel, vedlikehald, informasjons- og opplæringstiltak, prosjekt som skal undersøkje eller gjenopprette miljøtilstanden og prosjekt som skal ta vare på kulturminne. Fondet har to årlege rundar med tildeling.

Norsk Polarinstitut

Norsk Polarinstitut er underlagt Miljøverndepartementet. Institutet har ei omfattande verksemd på Svalbard, med mellom anna forskning, miljøovervaking, topografisk og geologisk kartlegging, forskningsservice, drift av forskingsstasjonar, ettersyn av fyr, miljøretta kunnskapsformidling og informasjon. For 2014 er om lag 91 mill. kroner av løyvinga til Norsk Polarinstitut over Miljøverndepartementets kap. 1471 Norsk Polarinstitut, relatert til Svalbard, jf. vedlegg I. I tillegg kjem tilskotet frå svalbardbudsjettet, jf. omtale av kap. 17.

Polarinstituttet yter òg logistisk støtte til norsk og utanlandsk forskingsverksemd på Svalbard. Polarinstituttet driv ein forskingsstasjon i Ny-Ålesund og luftmålestasjon på Zeppelinfjellet. Institutet har eit kontor og logistikkverksemd i Forskingsparken i Longyearbyen. Kvart år har instituttet ei betydeleg ekspedisjonsverksemd på Svalbard både på land og i farvatna rundt øygruppa. Det er òg ei viktig oppgåve for Norsk Polarinstitut å frambringe og leggje til rette for miljøfagleg kunnskap. Denne kunnskapen er grunnlag for vidare utvikling av verkemiddel og tiltak i miljøvernforvaltninga på Svalbard og for Sysselmannens fortløpande forvaltning og saksbehandling med omsyn til naturforvaltning.

Institutet har styrkt forskings- og overvakingssjanser si på Svalbard. Institutet legg vekt på innhenting av kunnskap om arter og bestandar av arter Noreg har eit særskilt forvaltningsansvar for. Det gjeld spesielt arter som det kan haustast av, trekkjande arter, raudlistearter som er under reelt press i Svalbards natur, klimasårbarar arter og sentrale arter i det marineterrestre økosystemet knytt til Svalbard. Relevante område og tiltak som kan nemnast i denne samanhengen er innsatsen innanfor SEAPOP (kartlegging og overvaking av sjøfugl), etableringa av ICE (Ice, Climate and Ecosystem-senteret) som har styrkt klimaforskinga og klimaovervakinga, etablering av eit intensivt og ekstensivt program for vegetasjonsovervaking for

Svalbard (ferdsel og klima) og iverksetjing av styrkt bestandsovervaking av isbjørn og kvalross. Polarinstituttet har òg gjennomført ei oppdatering av overvakingssystemet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ) som vil medverke til å gi eit betre grunnlag for vurdering av om miljøforvaltninga når måla sine.

Norsk Polarinstitut har no fullført ny flyfotografering av Svalbard. Fotograferinga skal vere med på å gi oppdaterte digitale kart som mellom anna gjer redningsaksjonar sikrare og meir effektive. I tillegg vil karta mogleggjere betre overvaking av brear, noko som vil vere eit betydeleg bidrag til norsk klimaforskning. Vidare er vegetasjonsovervakinga og overvakinga av isbjørnbestanden styrkt.

4.2 Nærings- og handelsdepartementet

Staten har eigarinteresser i fleire selskap på Svalbard. Nedanfor følgjer ei omtale av dei selskapa Nærings- og handelsdepartementet har interesser i. Nokre av dei får overført statlege midlar.

Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Store Norske-konsernet består av morselskapet Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) og dei heileigde dotterselskapa, Store Norske Spitsbergen Grubekompani AS (SNSG), Store Norske Gull AS og Store Norske Boliger AS. Staten eig 99,94 pst. av aksjane i SNSK. Kolverksemda skjer gjennom SNSG. Ved utgangen av 2012 hadde SNSK-konsernet 396 tilsette. Arbeidsplassane knytte til kolgruvedrifta medverkar vesentleg til stabil, heilårleg norsk aktivitet og busetjinga på Svalbard.

Konsernet fekk i 2012 eit driftsresultat på -386,2 mill. kroner mot 53,2 mill. kroner i 2011. Det fekk eit årsresultat på -233,6 mill. kroner, mot 55,4 mill. kroner i 2011. SNSK produserte 1,2 mill. tonn kol i 2012 mot nær 1,4 mill. tonn i 2011.

Selskapet starta hausten 2001 produksjonsdrift i Svea Nord. Ved Stortingets behandling av prosjektet i 2001, jf. St.prp. nr. 2 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS og Svea Nord-prosjektet og Innst. S. nr. 67 (2001–2002), vart det lagt til grunn at gruvedrifta etter dette skulle drivast ut frå bedriftsøkonomiske føresetnader og uavhengig av statleg støtte i framtida. I Meld. St. 13 (2010–2011) Aktivt eierskap er målet med statens eigarskap i SNSK formulert slik:

«Formålet med statens eierskap i Store Norske Spitsbergen Kulkompani er å bidra til at samfunnet i Longyearbyen opprettholdes og videreutvikles på en måte som understøtter de overordnede målene i norsk Svalbard-politikk. Selskapet skal drives etter bedriftsøkonomiske prinsipper og med sikte på en markedsmessig avkastning på investert kapital. Ut fra nasjonale hensyn mener regjeringen at det er viktig at staten fortsatt er den dominerende aksjonæren i Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS. Arbeidsplassene knyttet til kullgruvedriften har i mange år bidratt vesentlig til stabil, helårlig norsk aktivitet og bosetting på Svalbard. Regjeringen har et langsiktig perspektiv på statens eierskap og vil ikke redusere statens eierskap.»

Meldinga fekk Stortingets tilslutnad 9. juni 2011.

Det er lagt til grunn at gruvedrifta skal drivast ut frå bedriftsøkonomiske prinsipp og uavhengig av statleg støtte. Samstundes skal selskapet gjennom sitt virke bidra til at samfunnet i Longyearbyen blir halde ved lag. Vidare er det lagt til grunn at omsyn til helse, miljø og tryggleik har høgste prioritet i alle vurderingar knytte til gruvedrifta. Koldrifta er framleis den viktigaste berebjelken i svalbardsamfunnet.

Styret i SNSK vedtok i september 2010 ein forretningsplan for kolgruve i Lunckefjell, og leverte same månad ein søknad til Sysselmannen på Svalbard om løyve til opning av kolgruve der. Miljøverndepartementet bestemte i desember 2010 at søknaden skulle avgjerast av departementet og ikkje av Sysselmannen. Miljøverndepartementet gav i desember 2011 SNSG løyve etter svalbardmiljølova til å opne kolgruve i Lunckefjell. Med bakgrunn i dei forretningsvise vurderingane meddelte Nærings- og handelsdepartementet same dag styret i SNSK at departementet ikkje ville motsetje seg selskapet sine planar for å opne kolgruve i Lunckefjell.

Over ein periode på fleire år har det vore gjennomført omfattande geologisk kartlegging i Sveaområdet. Resultatet av dette arbeidet har ifølgje selskapet gitt god kunnskap om kolfelta i området. Lunckefjell si plassering gjer det til ein naturleg oppfølgjar etter Svea Nord-gruva. Fjellet er nær utslaget av Svea Nord-gruva og mogleggjer bruk av eksisterande infrastruktur i Svea. Arbeidet med å opne gruva er i gang. I mai 2012 blei det opna samband mellom gruva i Svea Nord og Marthabreen. Oppstart i Lunckefjell er planlagt slik at det fell saman med avslutninga av Svea Nord-gruva. Planlagt oppstart av hovudproduksjo-

nen er i 2015. Selskapet prospekterer etter kol både i Svea- og i Longyearbyområdet.

Kolprisen har den seinare tida hatt ein nedovergåande trend. Samstundes er krona styrkt. Dette er ei utfordring for lønsemda og likviditeten i selskapet. Det er naudsynt at selskapet gjennomfører tilpassingar som gir eit meir robust økonomisk fundament. Nærings- og handelsdepartementet følgjer utviklinga.

Kings Bay AS

Staten eig alle aksjane i Kings Bay AS. Det er foreslått å løyve 27,5 mill. kroner til drift og investeringar i Kings Bay AS i 2014.

Kings Bay AS eig grunn og anlegg i Ny-Ålesund og har ansvaret for infrastrukturen på staden. Per 31. desember 2012 var det engasjert 25 personar i Kings Bay AS. Selskapet skal særleg ha som mål å yte tenester til og fremje forskning og vitskapleg verksemd, og medverke til å utvikle Ny-Ålesund som ein internasjonal arktisk naturvitskapleg forskingsstasjon. Selskapets driftskonsept er å leige ut fasilitetar til forskarar, og tilby kost og losji i tillegg til ei rekkje andre tenester under opphaldet. I all hovudsak skjer dette gjennom fleirårige kontraktar med forskingsinstitusjonar frå ei rekkje land.

Investeringane som er gjort i Ny-Ålesund dei siste åra har resultert i at Ny-Ålesund i dag står fram som ein særleg god og funksjonell base for internasjonal forskning og miljøovervaking. Ny-Ålesund har utvikla seg til å bli ein forskingsstasjon med ein framifrå miljøprofil og eit senter for internasjonal forskning på klima- og miljørelaterte problemstillingar.

Det internasjonale aspektet er ein kvalitet ved Ny-Ålesund der forskarar frå mange land kan møtast og drive forskning i nært samarbeid. Norske, tyske, britiske, italienske, franske, japanske, nederlandske, sørkoreanske, kinesiske og indiske forskingsstasjonar har etablert seg permanent i Ny-Ålesund. I tillegg nyttar andre norske og utanlandske forskingsinstitusjonar staden utan å drive permanent forskning. Rundt 20 land har kvart år forskingsprosjekt i Ny-Ålesund. Det er òg planlagt ein ny tsjekkisk forskingsstasjon i Ny-Ålesund. For ytterlegare omtale, sjå Nærings- og handelsdepartementets Prop. 1 S (2013–2014).

Den internasjonale interessa for marinlaboratoriet i Ny-Ålesund har vist seg å vere stor. Det er ei generell oppfatning at globale endringar i klimaet først vil kunne observerast i polarregionane på grunn av endringar i isforholda og fordeling av varme atlantiske og kalde arktiske vassmassar.

Farvatna kring Kongsfjorden-Krossfjorden, der marinlaboratoriet ligg, er ein godt eigna stad for å drive slik forskning. Marinlaboratoriet er det nordlegaste i verda og strategisk plassert på randa av Polhavet. Den framtidsretta utforminga gjer at laboratoriet er funksjonelt for marin eksperimentell forskning på høgt nivå, og laboratoriet er ei viktig brikke i nasjonale og internasjonale marine forskingsnettverk.

Den aukande interessa for å etablere og utvide forskning på staden stiller krav til korleis selskapet legg forholda til rette. Forskingsaktivitet og tilrettelegging av infrastrukturen er prioritert i samsvar med intensjonen i strategisk plan for staden, utvikla av selskapet og Norsk Polarinstitut i fellesskap. Anna næringsverksemd må tilpassast dei rammene som forskingsverksemda krev.

Ny-Ålesund-symposiet vart arrangert for sjuande gong i 2013. Symposiet er eit forum der inviterte deltakarar frå styresmakter, forskarar, politikarar og næringsliv møtest for å drøfte økonomi, miljø, politikk og samfunn med utgangspunkt i eit Arktis i endring. Symposiet er eit årleg arrangement.

Kraftstasjonen i Ny-Ålesund er den lokale verksemda som utgjer den største kjelda til forureining i Ny-Ålesund; først og fremst gjennom utsleppa av NO_x, CO₂ og partiklar. I samband med Stortingets behandling av St.meld. nr. 22 (2008–2009) Svalbard, blei Stortinget orientert om dei endra planane for nytt kraftverk. Nærings- og handelsdepartementet vil gjere ei ny vurdering av prosjektet, når selskapet har utarbeidd ein ny plan. Nytt kraftverk er utsett inntil ein har nye utgreingar om kost- /nytteeffekt. Det finst enno ikkje tilgjengelege teknologiske løysingar på marknaden som gir reinsa utslepp.

Ein energianalyse som Kings Bay fekk laga i 2009, syner at det viktigaste miljøtiltaket som kan gjerast i Ny-Ålesund no, er å gjennomføre ENØK-tiltak. Desse tiltaka vil kunne redusere energibruken til elektrisitet og fjernvarme med om lag 40 pst., samanlikna med 2009-nivå, noko som vil redusere dieselforbruk og miljøutsleppa NO_x, CO₂ og partiklar tilsvarande. Energianalysen tek føre seg både tiltak retta mot energibruken og mot framtidig energiproduksjon. Tiltak som er foreslått i analysen omfattar berre tiltak for å redusere energibruken. Kings Bay har gjennomført nokre av tiltaka i analysen. Dei samla resterande kostnadene for å oppnå full reduksjon i drivstoffbruk og tilhøyrande reduksjon i forureinande utslepp frå kraftstasjonen, er rekna å utgjere om lag 20,1 mill. kroner. Selskapet sitt normale investerings-, drifts- og vedlikehaldsbudsjett strekkjer

ikkje til for å gjennomføre ENØK-tiltak i det tempo som internasjonale forskingsinstitusjonar ventar av ein spydspiss for arktisk miljøforskning. Å vidareutvikle staden som ein «grøn stasjon» vil krevje ei ekstra satsing på ENØK-tiltak.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard administrerer Bergverksordninga for Svalbard, fastsett ved kgl. res. 7. august 1925, og utfyllande reglar for petroleumsverksemda. Desse reglane regulerer tilgangen til mineralressursane på Svalbard. Etter forskrift 28. juni 2002 nr. 650 om konsekvensutgreiing og avgrensing av planområda på Svalbard, har Direktoratet ei viktig rolle i samband med konsekvensutgreingar i saker som gjeld bergverks- og gruve-drift. I slike saker skal Direktoratet, i samråd med Sysselmannen, fastsetje utgreiingsprogram og sluttokument.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard gir utmål, råd, rettleiing og oversikt over funn og førekomstar av geologisk art på Svalbard, og har tilsyn med opningar etter nedlagte gruver. For å sikre at drift, leiting og undersøking skjer i samsvar med dei miljøkrava som gjeld, mellom anna gjennom svalbardmiljølova, gir etaten informasjon om miljøregelverket og dei krava som er stilte.

Følgjande verksemdsidé er utarbeidd for Direktoratet:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard skal arbeide for at Noregs mineralressursar blir forvalta og utnytta til beste for samfunnet.

Ut frå denne verksemdsideen er det fastsett følgjande hovudmål i 2014:

- syte for forsvarleg forvaltning av mineralressursar
- redusere miljøkonsekvensar av mineraluttak
- syte for forsvarlege sikringstiltak og gjennomføring av tilsynsverksemd
- styrkje kommunikasjon og brukarorientering
- syte for forsvarleg og berekraftig forvaltning av mineralressursar på Svalbard.

For 2014 vil Direktoratet prioritere saksbehandling og tilsyn. Direktoratet vil informere om miljøregelverket og sjå til at undersøkingar og uttak av mineral blir gjennomførte slik at også ressurs- og miljøaspekt blir tekne vare på. Det blir elles vist til

nærare omtale av Direktoratet under kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard i Nærings- og handelsdepartementets Prop. 1 S (2013–2014).

Svalbard Reiseliv AS

Svalbard Reiseliv AS er eigd av, og opererer på bakgrunn av, handlingsplanar vedtekne av Svalbard Reiselivsråd, som er ei samanslutning av eit breitt spekter av aktørar med interesser knytte til reiselivet på Svalbard. Ved utgangen av 2012 hadde Svalbard Reiselivsråd 63 medlemmer. Målet med tilskotet til Svalbard Reiseliv AS er å medverke til auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivet ved å informere, profilere og marknadsføre Svalbard som reisemål. Ei viktig oppgåve for Svalbard Reiseliv AS er å leggje vekt på å utvikle eit miljøtilpassa reiseliv i tråd med det overordna målet for Regjeringa og reiselivsnæringa. Svalbard Reiseliv AS organiserer mellom anna opplæring av Svalbard-guidar som skal leggje til rette for kvalitetsopplevingar tilpassa arktisk kultur og natur innan berekraftige rammer. For 2014 er det føreslått å løyve 2,1 mill. kroner til Svalbard Reiseliv AS.

I 2012 vart det registrert 84 142 gjestedøgn ved overnattingsverksemder i Longyearbyen. Året før var det registrert 85 575 gjestedøgn. I tillegg kjem gjester som ikkje nyttar overnattingsverksemdene, og cruisepassasjerar. Ein prosess for å få utarbeidd ein masterplan for reiseliv på Svalbard vart initiert i 2010, der Svalbard reiselivsråd ønskte å få eit overordna planverk for næringa si framtidige utvikling på øygruppa. Av ulike årsaker har prosessen stått på vent i nokre år. Arbeidet med planen vart sett i gang ved årsskiftet 2012–2013.

Sesongsvingingane er ei sentral utfordring for reiselivet på Svalbard. Belegget på overnattingsstadane er høgt i høgsesongen rundt påske og i sommarmånadene, men i skulder- og lågsesongane er det eit stort uutnytta potensial. Svalbard Reiseliv AS har i samarbeid med reiselivsnæringa arbeidd aktivt dei seinare åra for å auke talet på turistar til Svalbard utanfor høgsesongane.

I Regjeringas nye reiselivsstrategi «Destinasjon Norge» varslar ein framhalden stønad til Svalbard Reiseliv AS.

Svalbard Satellittstasjon

Svalbard Satellittstasjon (SvalSat) vart offisielt innvigd i juni 1999. Stasjonen ligg i nærleiken av Longyearbyen. SvalSat les ned data for sivile føre-

mål frå satellittar i polare baner og styrer også desse satellittane. Svalbard er ein av få stader i verda der ein kan lese ned data frå satellittar i polar bane kvar gong satellitten passerer Nordpolen. Verksemda ved Svalbard Satellittstasjon er difor ein strategisk viktig del av norsk romverksemd, som bidreg til gode overvåkings- og navigasjonstenester i nordområda og som gjer Noreg til ein attraktiv partner for internasjonal samarbeid om romverksemd. Kongsberg Satellite Services AS, som er eigd 50 pst. av Staten gjennom Norsk Romsenter Eigedom AS og 50 pst. av Kongsberg Defence Systems AS, eig infrastrukturen og står for drifta av SvalSat og Tromsø Satellittstasjon. Det er ei rekkje antenner i bruk på SvalSat og det er planar om å byggje fleire. Både amerikanske og europeiske organisasjonar innan romverksemd og forskning (NASA og ESA) og vêrvarslinga (NOAA og EUMETSAT) nyttar antenner på SvalSat. Fleire asiatiske romorganisasjonar kjøper òg tenester frå stasjonen på Svalbard. SvalSat er òg bakkestasjon for den norske satellitten AISSAT-1. Denne vart skoten opp i juli 2010, og har gitt Kystvakta og Sysselmannen mykje betre informasjon om skipstrafikken i farvatna rundt Svalbard.

SvalSat er verdas mest kostnadseffektive nedlesingsstasjon for satellittar i polare baner. Det er etablert eit fiberkabelsamband mellom Andøya og Longyearbyen, og dette nettet gjer det samstundes mogleg i samarbeid med Telenor å tilby generelle breibandstenester til Longyearbyen.

Forskrift 11. juni 1999 nr. 664 om etablering, drift og bruk av jordstasjon for satellitt regulerer mellom anna verksemda ved SvalSat. Sysselmannen på Svalbard skal føre kontroll med at verksemda skjer innafor dei reglane som er sette i forskrifta.

Stortinget gav i juni 2013 si tilslutnad til Meld. St. 32 (2012–2013) Mellom himmel og jord: Norsk romverksemd for næring og nytte. I meldinga vert det slått fast at ein ønskjer å vidareføre utnyttinga av dei geografiske fortrinna Svalbard har for romverksemd.

Svalbard Rakettskytefelt

Andøya Rakettskytefelt A/S oppretta i 1997 Svalbard Rakettskytefelt (SvalRak) i Ny-Ålesund. Infrastrukturen på SvalRak er eigd av Andøya Rakettskytefelt A/S. Føremålet med SvalRak er oppskyting av forskingsrakettar. Med ei lokalisering nær den magnetiske nordpolen gir målingane frå raketane resultat av stor vitenskapleg verdi. Det er utført fleire oppskytingar. Den siste var i desember 2011.

4.3 Kunnskapsdepartementet

Universitetscenteret på Svalbard

Universitetscenteret på Svalbard AS (UNIS) er ein viktig del av nordområdesatsinga, som gjeld Sval-

bard generelt og særleg Longyearbyen. Senteret medverkar òg til å skape eit stabilt, heilårleg samfunn i Longyearbyen, med fastbuande studentar og forskarar.

Tabell 4.1 UNIS, utvikling i budsjett, tildeling, talet på tilsette og studentar

År	Tildeling (mill. kr)	Talet på tilsette (i parentes: tilsette i mindre stillingsbrøkar, såkalla II-stillingar)	Talet på studentar (årsverk)
2005	77,5	52 (20)	126
2006	94,9	49 (20)	113
2007	75,5	62 (22)	145
2008	78,7	70 (28)	127
2009	83,7	73 (29)	119
2010	89,5	74 (27)	120
2011	97,22	69 (28)	150
2012	105,27	84 (28)	160

UNIS tilbyr høgre utdanning og driv forskning med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område. UNIS skal vere eit supplement til lærestadene på fastlandet.

UNIS har utvikla kvalitetssikringssystem som skal sikre at aktiviteten lever opp til krav sett av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). UNIS tilbyr forskings- og feltbasert undervisning og eit læringsmiljø prega av stor samhandling mellom student og tilsett, både i vitenskapleg og administrativ stab.

Senteret har som mål å vere ein trygg og kjent samarbeidspartnar for både den einskilde studenten og dei norske universiteta og høgskulane. Studia ved UNIS skal ha ein internasjonal profil, og over halvparten av studentane er utanlandske.

UNIS skal utøve forskning og undervisning med minst mogleg negativ påverknad på miljøet. Svalbardmiljølova er ein premiss for all aktivitet, og UNIS arbeider for å avgrense miljøpåverknadene av verksemda.

Verksemda til selskapet medverkar til å styrkje aktiviteten i Longyearbyen, i tillegg til koldrift og turisme. Dei tilsette bur og verkar i Longyearbyen, hjelper til i utviklinga av både institusjonen og samfunnet og engasjerer seg i lokale lag, foreningar og anna sosialt og kulturelt liv. Rekneskapa for 2012 viser at UNIS kjøpte 51 pst. av varer og tenester lokalt i Longyearbyen.

Relasjonane til russarane i Barentsburg blir utvikla gjennom god kontakt og auka fagleg samarbeid.

Senteret spelar òg ei sentral rolle i vidareføring av den norske polarforskingstradisjonen, i utviklinga av Svalbard som forskingsplattform og i å representere og sikre norske interesser i Arktis.

UNIS vart tildelt om lag 112 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet i 2013. Regjeringa foreslår å løyve om lag 117,9 mill. kroner til UNIS i 2014 over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Det omfattar budsjetteffekten for det siste halvåret for dei studieplassane som vart gitt i samband med statsbudsjettet for 2011.

Noregs forskingsråd

Kunnskapsdepartementet vil føre vidare svalbardsatsinga gjennom Noregs forskingsråd og satsinga vil venteleg bli om lag 40 mill. kroner i 2014. Ein stor del av dette er knytt til polarforskingprogrammet som starta opp i 2011. Regjeringa auka satsinga på klimaforskning frå 2013, der ein del blir svalbardrelevant forskning på klimaet i Arktis. Etter aukinga har Polarprogrammet ei ramme på 45 mill. kroner årleg. Programmet skal prioritere svalbardrelevant forskning høgt. Av den tilrådde auken på 42 mill. kroner til klimaforskning i Forskningsrådet, er 25 mill. kroner frå Kunnskaps-

departementet. Fleire program i Forskingsrådet løyver midlar til polarforskning, der ein større eller mindre del skjer på Svalbard. Kunnskapsdepartementet gir løyvingar til fleire av desse. Det gjeld mellom anna NORKLIMA (Klimaendringar og konsekvensar for Noreg) der om lag 1/3 av midlane dekkjer polare problemstillingar, PETROMAKS (Utnytting av petroleumsressursane), Havet og kysten, Miljø 2015 og Program for romforskning.

Ei mindre satsing under Polaravtala mellom Forskingsrådet og US National Science Foundation, dekkjer reine arktiske tema. Det er òg skipa ei mindre satsing for å styrkje samarbeidet mellom Noreg og Russland på Svalbard. Noregs forskingsråd har gjennom Svalbard Science Forum (SSF) eit særskilt ansvar for koordinering av og informasjon om forskingsverksemd på øygruppa. SSF blei styrkt med auka ressursar og eit nytt mandat frå 2011 og skal vidareutviklast som eit viktig reiskap for fagleg og praktisk koordinering, informasjon og rådgjeving for den internasjonale forskingsverksemda på Svalbard.

Svalbard Integrated Arctic Observing System (SIOS)

Det har vore arbeidd vidare med å utvikle Svalbard som plattform for internasjonal forskning. SIOS er eit internasjonalt prosjekt på det europeiske vegkartet for forskingsinfrastruktur ESFRI (European Strategy Forum on Research Infrastructure). SIOS skal opne og koordinere forskartilgangen til forskingsinfrastrukturen på Svalbard retta inn mot jordsystemmodellering. Modellane skal gje sikrere og meir detaljerte klimaprognozar. Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Tyskland, Storbritannia, Frankrike, Italia, Spania, Nederland, Polen, Tsjekkia, Russland, Kina, Sør-Korea, Japan, India og USA er med i den førebuande fasen, som har fått 4 mill. EURO i støtte frå EUs 7. rammeprogram for forskning. Noregs forskingsråd koordinerer prosjektet. SIOS har fått forlenga forprosjektfasen (Preparatory Phase) med eit ekstra år og skal levere den endelege rapporten ved utgangen av 2014. Deretter skal Noreg ta endeleg stilling til om og korleis SIOS i så fall skal etablerast på Svalbard.

EISCAT

EISCAT er ein vitskapeleg internasjonal organisasjon som driv fire store radaranlegg for atmosfæreforskning, mellom anna på nordlys. Desse er

lokaliserte i Noreg, Sverige og Finland. Informasjonen som radarane gir er viktig for grunnforskning, navigasjon, satellittposisjonering, telesamband med meir. På oppdrag frå EISCAT er det Universitetet i Tromsø som driv dei norske anlegga som ligg i Tromsø og på Svalbard. Prosjektet, EISCAT-3D, som òg er på ESFRI's vegkart for europeisk forskingsinfrastruktur, arbeider med eit konsept for eit nytt oppgradert radarsamband, men då på fastlandet. Noregs forskingsråd dekkjer årleg kontingent til EISCAT på i underkant av 5 mill. kroner.

Rapport frå Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning

For å følgje utviklinga i polarforskninga, og svalbardforskninga spesielt, publiserte NIFU i 2012 utgreiinga «Norsk polarforskning – forskning på Svalbard. Ressursinnsats og vitskapeleg publisering - indikatorar 2010. Rapport 3/2012». NIFU har publisert tilsvarande rapportar frå 2001 og 2008. Rapporten syner at den internasjonale interessa for å drive forskning på Svalbard er aukande, men at Noreg framleis er den klart største aktøren. Etableringa av UNIS har bidrege vesentleg til dette. Nest etter Noreg hadde Polen og Tyskland størst forskingsaktivitet, etterfølgt av Frankrike og Storbritannia. I alt har ti nasjonar eigne forskingsstasjonar på Svalbard og forskarar frå om lag tjue ulike nasjonar driv forskning på øygruppa. Norske svalbardforskarar har utstrekt internasjonalt samarbeid. Noreg har ei viktig rolle som tilretteleggjar og koordinator for den internasjonale forskingsverksemda på Svalbard.

Grunnopplæringa

Regjeringa foreslår å løyve 0,1 mill. kroner til innføring av valfag på 10. trinn frå hausten 2014, jf. Prop. 1 S (2012–2013) for Kunnskapsdepartementet. Valfag er innført på 8. trinn frå hausten 2012 og det blir teke sikte på å utvide tilbodet til 9. og 10. trinn frå hausten 2013 og 2014.

Meteorologiske tenester

Kunnskapsdepartementet finansierer drifta av dei meteorologiske stasjonane på Bjørnøya og Hopen over budsjettet til Meteorologisk institutt. Utgifter til Meteorologisk institutt sin del av husleige for statens bygningar på Bjørnøya og Hopen blir finansierte over kap. 0019 på Svalbardbudsjettet.

Barnehagar

Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) gjeld ikkje for Svalbard. Kongen har i medhald av § 25 høve til å fastsetje forskrift om å gi lona verknad for Svalbard, men heimelen er ikkje blitt brukt. I praksis er det likevel intensjonane i barnehagelova som er styrande for drifta av barnehagane, og det er ingen vesentlege skilnader mellom drift av barnehagar i Longyearbyen og på fastlandet. Fylkesmannen i Troms gjennomfører synfaring og tilsyn med Longyearbyen lokalstyre som barnehagestyresmakt. Sysselmannen på Svalbard skal involverast i tilsynet for å ta hand om dei særskilte utfordringane for Svalbard.

Midlar til drift av barnehagar på Svalbard er innlemma i svalbardbudsjettets kap. 3 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre. Det er foreslått å løyve 0,25 mill. kroner til dekning av nominell vidareføring av maksprisen i barnehagar og opptrapping mot to optak i året.

4.4 Finansdepartementet

Det er ei eiga skattelov for Svalbard, jf. lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard (svalbardskattelova). Svalbardskattelova gjer Svalbard skatteteknisk til eit eige skatteområde. På Svalbard gjeld to formar for skattlegging; lønstrekk og likning. Etter ordninga med lønstrekk skal arbeidsgivaren halde tilbake ein prosentvis del av brutto løn og pensjon som endeleg skatteoppgjær. Anna inntekt enn løn og pensjon vert skattlagd ved likning, etter mange av dei same reglane som gjeld på fastlandet, men med lågare satsar.

På Svalbard blir løn og pensjon skattlagd etter ein sats på 8 pst. opp til 12G, og med 22 pst. for inntekt over 12G. I tillegg kjem trygdeavgift for tilsette som er medlem av den norske folketrygda. Anna inntekt som t.d. kapital- og næringsinntekt vert som utgangspunkt skattlagd med 16 pst.

Det er viktig at skattesystemet på Svalbard er tilpassa forholda på øygruppa og byggjer på løysingar som sikrar konkurransedyktige rammevilkår, jf. pkt. 2.1.1. Med dette som utgangspunkt er det gjort ei rekkje endringar i skattesystemet for Svalbard dei seinare år.

Som nemnt tidlegare vart dei seinaste justeringane i skattereglane for Svalbard gjort med verknad frå og med inntektsåret 2012, og gjaldt skattlegging av investeringar og aktivitet utanfor Svalbard. Mellom anna for å hindre at det gunstige skattenivået på Svalbard vert utnytta for å spare

skatt på avkastning av investeringar som er gjort utanfor Svalbard, og som ikkje gir aktivitet og selssetjing på øygruppa, skal selskap med monaleg overskot som ikkje er avkastning av aktivitet eller investering på Svalbard, no skattleggjast etter same skattesats som gjeld på det norske fastlandet (28 pst.) for slike overskot.

Svalbard skattekontor

I samband med at skatteetaten frå 2008 vart organisert i fem regionar, skifta Svalbard likningskontor namn til Svalbard skattekontor. Likningsnemnda skifta namn til Svalbard skatteklagenemnd.

Ved forskrift 4. februar 1994 nr. 111 om register over befolkninga på Svalbard, vart det etablert befolkningsregister for Svalbard. Frå desember 1999 er befolkningsregisteret administrert av Svalbard skattekontor.

I samband med etableringa av Svalbard miljøvernfond skal Svalbard skattekontor stå for det praktiske arbeidet med refusjonen av gebyret til fastbuande, sjå omtale under kap. 4.1.

I tillegg til å administrere befolkningsregisteret og å utføre likning etter svalbardskattelova, skal skattekontoret rekne ut kolavgift etter lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kol, jordoljer og andre mineral og bergarter som blir utførte frå Svalbard.

Løyvingane til skattekontoret går over svalbardbudsjettet. Sjå omtale under kap. 22 Likningsforvaltninga for Svalbard.

Statistisk sentralbyrå

Utarbeiding av god statistikk er viktig for å kunne gi regjeringa tilstrekkeleg oversikt over den raske utviklinga i svalbardsamfunnet. Som eit ledd i dette innførte mellom anna Regjeringa i 2007 statistikklova for Svalbard. Statistisk sentralbyrå (SSB) har dei seinare åra prioritert ei styrking av svalbardstatistikken. SSB leiar no statistikkarbeidet gjennom rådgivande utval for svalbardstatistikk. Omfanget av offisiell svalbardstatistikk har dei siste åra auka betydeleg, og all ny statistikk blir publisert på ei eiga temaside (www.ssb.no/svalbard). Temasida blir oppdatert jamleg og brukarane får tilgang på eit breitt spekter av statistikk om svalbardsamfunnet frå denne sida. I 2010 vart det publisert ein ny rapport som tok føre seg levekåra for dei busette i Longyearbyen. Rapporten er tilgjengeleg frå temasida for Svalbard. Formidlinga av svalbardstatistikken er òg styrkt ved opprettinga av publikasjonen «Dette er Svalbard».

4.5 Samferdselsdepartementet

Svalbard er knytt til telenettet på fastlandet via fiberkabelen som vart etablert i 2004. Kabelen vart primært etablert for å betre kommunikasjonen til og frå satellittstasjonsverksemda på Sval-Sat. Den erstatta det gamle satellittsambandet og inneber at det òg kan tilbydast tenester med stor kapasitet til befolkning, næringsliv og forskingsverksemd i og rundt Longyearbyen.

I revidert nasjonalbudsjett for 2010 vart det løyvd 60 mill. kroner til ein ny fiberoptisk kabel mellom Ny-Ålesund og Longyearbyen. For å ha ei reserveløysing ved eventuelle brot i drifta, blei det i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013 gitt tilskot på ytterlegare 30 mill. kroner til å leggje ein ekstra kabel. Kabelen skal auke kapasiteten på overføring av forskingsdata frå Ny-Ålesund til fastlandet og vidare til andre land. Ein slik auke vil gjere Svalbard meir attraktiv som senter for internasjonal forskning.

Posten Noreg AS utfører samfunnspålagte posttenester på Svalbard. Posten reknar med at tenestene vil gå i balanse. Eit eventuelt underskot vil bli belasta over ei eventuell løyving til statleg kjøp av posttenester over Samferdselsdepartementets budsjett.

Avinor AS eig og driv Svalbard lufthamn. Som for resten av dei bedriftsøkonomisk ulønnsame lufthamnene Avinor driv, blir underskotet dekt inn ved hjelp av overskot frå dei større, lønnsame lufthamnene.

4.6 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Barnevernet

Forskrift av 1. september 1995 nr. 772 om lov om barnevernstenesta på Svalbard regulerer fordelinga av ansvar og dekning av utgifter til barnevernstiltak overfor barn og unge som oppheld seg på Svalbard. Barnevernstenesta sine oppgåver etter barnevernslova vert utførte av Longyearbyen lokalstyre for Longyearbyen planområde, jf. delegasjonsvedtak frå departementet av 21. desember 2001. Statleg regional barnevernstyresmakt ved region nord har ansvaret for å yte tenester til barn i samsvar med lova § 8-2.

Fylkesmannen i Troms skal føre tilsyn med barnevernstenesta på Svalbard og elles utføre dei oppgåvene som følgjer av barnevernslova § 2-3 tredje ledd.

I 2012 blei det ikkje refundert utgifter til tiltak i barnevernet for barn på Svalbard. Utgiftene er i 2013 budsjettert til 0,5 mill. kroner.

Barnetrygd

Lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd er gjort gjeldande for personar som er medlemmer i folketrygda etter lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd § 2-3, og som oppheld seg på Svalbard. Det vart i 2012 utbetalt barnetrygd til om lag 435 barn busette på Svalbard. I 2014 er det venta at 7,5 mill. kroner vil gå til dekning av utgifter til barnetrygd for busette på Svalbard, av desse utgjer svalbardtillegget 1,7 mill. kroner over kap. 845 Barnetrygd, post 70 Tilskot.

Kontantstøtte

Lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte for småbarnsforeldre, er på same måten som barnetrygdlova gjort gjeldande for Svalbard. Det er for 2014 ikkje budsjettert med utgifter til kontantstøtte på Svalbard over kap. 844 Kontantstøtte, post 70 Tilskot.

4.7 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse Nord RHF har gjennom Universitetssjukehuset i Nord-Noreg HF (UNN) ansvar for dei offentlege helsetenestene på Svalbard. Dette inneber at UNN, avdeling Longyearbyen sjukehus, skal syte for naudsynte helsetenester til dei norske busetjingaene på øygruppa. Det vert òg ytt akuttmedisinske tenester til andre som ferdast på øygruppa og havområda omkring. I Barentsburg er det eiga helseteneste, men Longyearbyen sjukehus hjalp til ved behov.

Longyearbyen sjukehus har akuttberedskap 24 timar i døgnet for akutte skadar og sjukdomar som krev observasjon, diagnostikk og behandling. I tillegg blir det utført poliklinisk utgreiing og behandling, og enkelte små og mellomstore kirurgiske inngrep. Sjukehuset har seks senger for innlegging og observasjon. Longyearbyen yter òg tenester som kan samanliknast med primærhelsetenesta på fastlandet, mellom anna allmennlegeteneste, jordmor- og helsesøsterteneste og fysioterapiteneste. Sjukehuset har òg tannlegeteneste. Sjukehuset har vidare tilbod om bedriftshelseteneste. Det blir òg ytt tenester innfor barne- og ungdomspsykiatri av personell som kjem frå UNN med jamne mellomrom.

Det akuttmedisinske tilbodet på Svalbard består av medisinsk naudmeldeteneste, omgåande hjelp, ambulanseteneste, redning utanfor veg i samarbeid med frivillige, redningshelikoptereneste organisert via og i samarbeid med Sysselemannen og flyambulans til fastlandet. Sjukehuset har eit utstrekt samarbeid med UNN om mellom anna videobasert akuttmedisinsk konferanse (VAKE) som gjer det mogleg med medisinsk konsultasjon og bistand mellom Longyearbyen sjukehus og UNN.

Den alminnelege helselovgivinga gjeld førebels i lita mon for Svalbard. Helse- og omsorgsdepartementet fremja våren 2013 eit høyringsnotat med forslag om at større delar av helselovgivinga skal gjerast gjeldande for Svalbard. Høyringsfristen var 23. august 2013, og departementet arbeider vidare med saka ut frå høyringsfråsegna. Hovudformålet med forslaga er å gjere helselovgivinga for Svalbard meir moderne og å leggje den nærare fastlandslovgivinga. Departementet foreslår utviding av virkeområdet for ei rekkje lover og forskrifter til å gjelde Svalbard, heilt eller delvis. Forslaga vil mellom anna medverke til å sikre kvalitet og pasienttryggleik i helsetenestene på Svalbard. Framlegga inneber ikkje at det blir innført nye typar tenester på Svalbard.

Helse- og omsorgskomiteen hadde under behandlinga av Prop. 91 L (2010–2011) *Lov om kommunale helse – og omsorgstenester (helse- og omsorgstjenesteloven)* denne merknaden i Innst. 424 I (2010–2011):

«Komiteen har merket seg uttalelser om lovens stedlige virkeområde og slutter seg til nødvendigheten av å vurdere om hele eller deler av lovgivingen skal gjøres gjeldende også for Svalbard. Komiteen ser fram til å få seg forelagt en slik gjennomgang og vurdering.»

I arbeidet med høyringsnotatet har departementet gått gjennom sine ansvarsområde og sett på kva lover som bør innførast mellom anna ut frå dei overordna politiske og rettslege føringane for Svalbard. Departementet kom til at helse- og omsorgstenestelova, pasientrettslova og nokre andre lover ikkje bør gjerast gjeldande, og dei blir difor haldne utanfor framlegginga om utviding av virkeområdet for helselovgivinga på Svalbard. Dette har samanheng med at Svalbard ikkje skal vere eit livsløpssamfunn og at det difor ikkje blir ytt omsorgstenester der, og vidare at helsetenesta på Svalbard ikkje er organisert på same måten som på fastlandet. Det må òg takast omsyn til at utlendingslova ikkje gjeld for Sval-

bard, i vurderinga av om det skal innførast rett til helsetenester.

Nokre av dei lovene som etter framlegget skal gjelde for Svalbard er helsepersonellova, helsetilsynslova, smittevernlova, helseberedskapslova og matlova. For nokre av lovene er det framlegg om tilpassingar i høve til staden eller overgangsordningar. Det er naudsynt med nokre mindre lovendingar for å få heimel i alle dei aktuelle lovene. Reglane om kva lover og forskrifter som skal gjelde og nærare tilpassingar vil gå fram av ein samla forskrift. Utkast til forskrift var teke inn i høyringsnotatet.

4.8 Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

Svalbard kyrkje

Svalbard kyrkje betener alle som bur på øygruppa. Forutan den norske busetjinga i Longyearbyen og Ny-Ålesund inkluderer dette òg befolkninga i Barentsburg, Hornsund og Svea, og dessutan fangstfolk og andre som overvintrar rundt om på Svalbard.

Alle dei som ønskjer det, skal ha tilgang til Svalbard kyrkje som er kontinuerleg døgnopen året rundt.

I Longyearbyen er meir enn 30 nasjonar representerte i befolkninga eller som studentar ved Universitetsenteret på Svalbard (UNIS). Den polske forskarstasjonen i Hornsund får betening frå katolsk prest, med tilrettelegging frå Svalbard kyrkje. Det er ei målsetjing at busetjinga i Barentsburg skal få tenester av den russiskortodokse kyrkja. Likevel besøker soknepresten i Svalbard kyrkje Barentsburg ved ulike høve. Kyrkja på Svalbard utfører tenester så som gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel, sørgjegudstenester og sjellesorg, i tillegg til anna kyrkjeleg verksemd utført av prest og kateket. Talet på gudstenestedeltakarar har dei siste åra vore på gjennomsnittleg om lag 60 personar per gudsteneste. Samla tal for personar som deltok i gudstenester var 3009 i 2012. 16 barn vart døypte og kyrkja hadde 13 konfirmantar i 2012.

Peisestova i kyrkja vert driven av hushaldsstyraren og er ein samlingsstad for kyrkja sitt arbeid for busetjinga, gjester og turistar. Peisestova er òg senter for pårørande ved ulykker og katastrofar. Kyrkja har babysong, barnegospelkor, konfirmantararbeid og speidargruppe som del av planen for trusopplæring. Vern av klima og miljø er naturlege tema innanfor trusopplæringa. Kultur er eitt av Svalbard kyrkje sine satsingsområde. Svalbard

kyrkje hadde 25 ulike kulturarrangement i løpet av 2012. Året før låg talet på 21. I Longyearbyen har kyrkja eit utstrekt samarbeid med skule, barnehagar og sjukehus. Soknepresten har sete i LRS (lokal redningssentral), og samarbeidet mellom kyrkja og Sysselmannen er godt.

Ein viser elles til dei målformuleringane som er sette for Den norske kyrkja i Prop. 1 S (2013-2014) frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkje-departementet.

Bygg og eigedomar

Statsbygg forvaltar hovuddelen av dei statlege eigedomane i Longyearbyen. Svalbardbudsjettet dekkjer post- og bankbygget, Statsbygg sitt administrasjonsbygg, 111 bustader og nokre lagerbygg. Dei andre eigedomane som er Kjell Henriksen-observatoriet, Svalbard globale frøkvelv, Svalbard forskingspark, Sysselmannens administrasjonsbygg, og Svalbard kyrkje er innlemma i den statlege husleigeordninga med løyving over statsbudsjettet kap. 2445 under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Det same gjeld dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya, og Norsk Polarinstitutt sitt forskingsbygg (Sverdrupstasjonen) i Ny-Ålesund.

4.9 Kulturdepartementet

På Kulturdepartementets budsjett for 2014 er det framlegg om å setje av midlar til kulturtiltak på

Svalbard. Det blir over kap. 320 Allmenne kulturformål, post 74 Tilskot til tiltak under Norsk kulturråd, ytt tilskot til kulturtiltak på Svalbard. Norsk kulturråd forvaltar tilskotet som blir kanalisert gjennom Longyearbyen lokalstyre. Storleiken på tilskotet blir fastsett av Norsk Kulturråd på eit seinare tidspunkt.

Vidare blir det over kap. 326, post 80 Tilskot til tiltak under Nasjonalbiblioteket, gitt tilskot til bibliotekteneste på Svalbard. Nasjonalbiblioteket forvaltar tilskotet og storleiken blir fastsett på eit seinare tidspunkt. Longyearbyen lokalstyre, Kultur- og fritidsforetaket, har driftsansvar for Longyearbyen folkebibliotek, men Longyearbyen lokalstyre yter tilskot til drifta.

Svalbard museum får i statsbudsjettet for 2014 ei løyving på 1,7 mill. kroner over kap. 328 post 70 Det nasjonale museumsnettverket. Svalbard museum er eit natur- og kulturhistorisk museum lokalisert i Svalbard forskingspark i Longyearbyen. Svalbard museum er innlemma i det nasjonale museumsnettverket.

Svalbardposten får pressestøtte etter reglane i forskrift om produksjonstilskot til dagspressa. Tilskotet blir rekna ut etter opplagstala til avisene, og tilskotet det enkelte år blir ikkje fastsett før i oktober same året. Svalbardposten fekk 441 394 kroner i produksjonstilskot i 2012. Tilskotet for 2013 vil venteleg bli om lag det same.

5 Oversikt over forslag til løyvingar på svalbardbudsjettet for 2014

Følgjande oversikt viser rekneskapstal for 2012, vedteke budsjett for 2013 og forslag til løyving

over svalbardbudsjettet for 2014. Inntektene er eksklusive tilskotet frå statsbudsjettet.

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
Utgifter	299 340	317 290	455 791
Inntekter	299 791	171 552	132 546

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
0001	Svalbard kyrkje	4 301	4 215	4 360	3,4
0002	Tilskot til kulturelle formål m.m.	860	960	0	
0003	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	126 681	146 063	193 418	24,7
0004	Tilskot til Svalbard Museum	10 200	10 484	11 200	6,8
0005	Sysselmannen (jf. kap. 3005)	39 078	35 813	42 515	18,7
0006	Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)	78 017	84 500	165 580	95,9
0007	Tilfeldige utgifter	4 026	2 500	2 678	7,1
0009	Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009)	1 827	2 220	2 300	3,6
0011	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	1 177	1 500	1 550	3,3
0017	Refusjon til Norsk Polarinstitut	3 040	3 125	3 230	3,4
0018	Navigasjonsinnretningar	3 756	3 860	4 000	3,6
0019	Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen	6 332	6 300	6 510	3,3
0020	Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	17 021	12 700	15 300	20,5
0022	Likningsforvaltninga for Svalbard (jf. kap. 3022)	3 022	3 050	3 150	3,3
	Sum kategori 06.80	299 340	317 290	455 791	43,7

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
01-23	Driftsutgifter	152 483	155 158	244 243	57,4
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	3 011	1 500	3 700	146,7
50-58	Overføringer til andre statsrekneskaper	2 950	3 125	3 230	3,4
70-89	Overføringer til private	114 836	157 507	204 618	29,9
	Sum under departementet	273 280	317 290	455 791	43,7

Inntekter under programkategori 06.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
3005	Sysselmannen (jf. kap. 5)	8 701	200	200	0
3006	Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)	1 860	500	500	0
3009	Kulturminnetiltak (jf. kap. 9)			0	
3020	Statens bygninger i Longyearbyen (jf. kap. 20)	5 100	4 820	4 820	0
3022	Likningsforvaltninga for Svalbard (jf. kap. 22)			0	
3030	Skattar og avgifter	524 550	166 032	127 026	-23,5
3035	Tilskot frå statsbudsjettet	-240 419	145 738	323 245	121,8
	Sum kategori 06.80	299 791	317 290	455 791	43,7

Del II
Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla

Kap. 0001 Svalbard kyrkje

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	4 301	4 215	4 360
	Sum kap 0001	4 301	4 215	4 360

Det vert utført tre årsverk ved Svalbard kyrkje. Forslag til løyving for 2013 skal mellom anna dekkje husleige for kyrkja, lønsutgifter, vikarutgifter, varer og tenester som kyrkja står for i arbeidet sitt, drift av tenestebil, snøskuter og leige av heli-

kopter. Svalbard kyrkje er eigd av staten og det er Statsbygg som har forvaltningsansvaret for bygningen. Drifts- og vedlikehaldsutgiftene for kyrkja blir dekte over kap. 2445 Statsbygg.

Kap. 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	860	960	0
	Sum kap 0002	860	960	0

Det går fram av St.meld. nr. 22 (2008–2009) Svalbard, at Justis- og beredskapsdepartementet vil sjå nærare på nokre av budsjettkapitla i svalbardbudsjettet for å sikre at tildelinga på dei ulike kapitla er i samsvar med måla med kapitla. Løyvinga på dette kapitlet har gått til velferdsformål til befolkninga i Longyearbyen, Barentsburg og Ny-Ålesund. Dette budsjettkapitlet er føreslått avvikla frå 2014 og at midlane vert overført til andre kapittel:

0,5 mill. kroner vert overført til kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre og skal gå til vel-

ferdsformål. Midlane skal mellom anna dekkje tilskot til kultur- og fritidsføremål og til Longyearbyen folkebibliotek. 0,3 mill. kroner vert overført til kap 0004 Tilskot Svalbard Museum. Resten av løyvinga vert overført til kap. 0007 Tilfeldige utgifter der ein kan søkje om støtte til ulike formål, inkludert velferdstiltak, bl.a. i Barentsburg og Ny-Ålesund (som tidlegare har vore gitt over kap 2).

Det vil over Kulturdepartementets budsjett for 2014 bli gitt tilskot til fleire kulturtiltak på Svalbard, jf. omtale i pkt. 4.9

Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	126 681	146 063	193 418
	Sum kap 0003	126 681	146 063	193 418

For 2014 er det foreslått eit tilskot til Longyearbyen lokalstyre på til saman 193,4 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje utgiftene til drift av og investeringar i lokalstyret si verksemd.

Løyvinga er ei prisjustert vidareføring av 2013-løyvinga. Vidare er Longyearbyen lokalstyre til-

ført 0,36 mill. kroner i samband med ordninga med maksimalpris og to årlege opptak i barnehagar, og innføring av valfag i 10 klasse i ungdomsskulen.

Som eiger av kraftverket i Longyearbyen er Longyearbyen lokalstyre ansvarleg for trygg-

leiken i leveransen av varme og energi i lokalsamfunnet. Dei faglege anbefalingane i tilstands- og levetidsvurderinga har, saman med kritiske brot i nettopp leveransen av varme og energi våren og forsommaren 2013, ført til at lokalstyret ønskjer å prioritere dette arbeidet straks. Longyearbyen lokalstyre vil difor setje i gang arbeidet med oppgraderingar av kritiske tryggleiksfaktorar allereie hausten 2013. Konsekvensen av dette er at arbeidet med å reinse kraftverket blir nedprioritert i den perioden oppgraderingane skjer. Arbeidet med å reinse kraftverket vil etter planen bli teke opp igjen i 2014. Det er foreslått å auke løyvinga til investering i reinseanlegget med 41 mill. kroner og 1 mill. kroner til drift. Reinseanlegget er med dette ferdig finansiert. Det har vidare dei seinare åra vore løyvd midlar til investeringar i fjernvarmenettet. Fjernvarmenettet er finansiert ved

hjelp av låneopptak og løyvinga er nytta til å betene kostnadene ved dette lånet.

Frå 2014 er kapittel 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m. avvikla og 0,5 mill. kroner vert overført til kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre og skal gå til velferdsformål. Midlane skal mellom anna dekkje tilskot til kultur- og fritidsføremål og til Longyearbyen folkebibliotek.

Etter forskrift 5. april 2 000 nr. 347 om overskotsutdeling frå Nordpolet AS, skal nettooverskotet frå Nordpolets sal av alkoholhaldig drikk overførast til Longyearbyen lokalstyre, som fordeleer midlane til velferdsformål. Longyearbyen lokalstyre fordeler i 2013 overskotet for 2012 som utgjorde i overkant av 5,6 mill. kroner. Longyearbyen lokalstyre rapporterer til Sysselmannen om bruken av midlane.

Kap. 0004 Tilskot til Svalbard museum

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Driftsutgifter	10 200	10 484	11 200
	Sum kap 0004	10 200	10 484	11 200

Løyvinga skal gå til dekning av husleige og andre bygningsmessige kostnader for Svalbard museum i Svalbard forskingspark. I tillegg til denne løyvinga vert det òg tildelt midlar til Svalbard museum over Kulturdepartementets kap. 328 post 70 Det nasjonale museumsnettverket.

Frå 2014 er kapittel 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m. avvikla og 0,3 mill. kroner vert i staden direkte overført til kap. 0004 Tilskot til Svalbard Museum.

Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	39 078	35 813	42 515
	Sum kap 0005	39 078	35 813	42 515

I 2012 vart det utført 42 årsverk ved sysselmannskontoret. Inkludert i dette talet er engasjement av ekstrabetejantar og feltinspektørar i sommar-månadene. Åremålet for tilsette ved sysselmannskontoret er 6 år.

Regjeringa ser det som ei viktig oppgåve å syte for at Sysselmannen kan utføre dagens oppgåver på ein god og effektiv måte og at verksemda er i stand til å møte nye utfordringar i tida framover. Løyvinga

over kap. 5 Sysselmannen skal dekkje utgifter til løn og drift av sysselmannskontoret, under dette utgifter til vedlikehald og fornying av utstyrsparkeken. Løyvinga er ei prisjustert vidareføring av 2013-løyvinga. I tillegg vert det foreslått å styrkje Sysselmannen med tre politistillingar frå 1. juli 2014 for å setje Sysselmannen i stand til å løyse nye og større utfordringar på rednings-, beredskaps- og tryggleiksområdet innafor dei gjeldande arbeidstidsføre-

segnene for politiet. Dette vil bidra til å oppretthalde eit høgt aktivitetsnivå hos Sysselmannen. Miljøverndepartementet foreslår å overføre 1,5 mill. kroner som skal gå til å opprette 1 ½ ny stilling i miljøvernavdelinga hos Sysselmannen.

Dei seinare åra har presset på kontorareala òg ført til eit auka behov for å utvide Sysselmannens administrasjonsbygg. Dette arbeidet blei sett i gang i 2013 og skal etter planen ferdigstillast i 2014. Gjennom denne utvidinga blir det òg etablert eit tidsmessig stabsrom til bruk ved større hendingar der det blir etablert krisestab. Det vert òg sett av midlar i budsjettet til å utstyre tilleggsarealet på ein føremålstenleg måte, og for å skaffe til vegne naudsynte bustader og arbeidsutstyr til dei nyttilsette.

Sysselmannen disponerer store utstys- og transportressursar, mellom anna terrenggåande beltevogner, småbåtar, snøskuterar og utstyr for

oljevernberedskap. Dette er naudsynt for å kontrollere og halde oppsyn med den store øygruppa. Saman med helikopter og skip er utstyrsparken òg naudsynt for redningsberedskapen på øygruppa. Sysselmannen har òg betydelege vertskaps- og representasjonsoppgåver i samband med besøk frå inn- og utland. Fleire av besøka er på høgt politisk nivå. Det er venta at omfanget av desse oppgåvene vil halde fram i takt med interessa for Svalbard og Regjeringa si satsing i nordområda.

Justis- og beredskapsdepartementet ber Stortinget samtykkje i at departementet i 2014 kan bestille varer for inntil 3 mill. kroner utover løyvinga som er gitt under kap. 5 post 01, jf. forslag til vedtak. Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Fullmakta er meint å dekkje Sysselmannens behov for større utstyrsinvesteringar over budsjetterminane.

Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 5)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Diverse inntekter	4 423	200	200
02	Refusjonar m.v.	4 278	0	0
	Sum kap 3005	8 701	200	200

Kapitlet korresponderer med kap. 5 Sysselmannen. Inntektene på post 01 omfattar bøter, gebyr, inndragingar og inntekter ved auksjonar, sal av isbjørnskin og reinsdyrkjøtt. Bøter blir kravde inn av Statens Innkrevjingssentral, men inntektsførte under Sysselmannen. Sysselmannen mottok diverse refusjonar og får midlar stilte til disposisjon ved posteringsfullmakter. Omfanget av refu-

sjonane varierer frå år til år, og det er vanskeleg å gi eit presist overslag. Av praktiske grunnar blir det difor budsjettert med 0 kroner på post 02. Det er foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 5 post 01 tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3005, post 02, jf. forslag til vedtak.

Kap. 0006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	78 017	84 500	165 580
	Sum kap 0006	78 017	84 500	165 580

Avstandane på Svalbard er store. Det finst ikkje vegsamband eller offentlege kommunikasjonsmiddel for intern transport mellom busetjingane og elles på øygruppa. For å kunne utøve det oppsynet som er nødvendig for å handheve norsk suverenitet,

er Sysselmannen heilt avhengig av både helikopter og skip. Desse transportmidla er òg heilt naudsynte for ei effektiv politi- og redningsteneste, og for ambulanse- og sjuketransport, også utanfor Svalbards territorialfarvatn. Transportmidla blir

dessutan nytta til naturoppsyn og førebyggjande arbeid mot miljøkriminalitet. Utan helikopter og skip vil det ikkje vere mogleg å føre eit effektivt tilsyn med verneområde, kulturminne, jakt, ferdsel og turisme også i dei fjerne delane av øygruppa. I 2012 utførte Sysselmannen i alt 18 ambulanseoppdrag. I dette talet inngår også søkje- og redningsoppdrag. I dei fleste av desse nytta ein Sysselmannens helikopter.

Kapitlet dekkjer stasjonering og drift av to tenestehelikopter. For å styrkje arbeidet med søk og redning på Svalbard og i nærliggande havområde, har Stortinget etter forslag frå Regjeringa vedteke at Sysselmannen frå 2014 skal ha to store likeverdige helikopter. Etter forhandlingar er det inngått kontrakt med Lufttransport AS om leige av to Super Puma helikopter med avansert utstyr frå 1. januar 2014. Bakgrunnen for dette er både det utvida ansvarsområdet som følgjer av den nye redningsavtala i Arktis, og den auka betydninga Longyearbyen vil få som base for rednings- og forureiningsberedskap i dei nordlege havområda. Dette vil bidra til å styrkje redningsberedskapen på fleire måtar. Helikoptra har auka rekkevidde og vil kunne plukke opp 18 naudstilte innafor ei radius på 120 nautiske mil. Vidare har helikoptra større lasteevne, nytt moderne søkeutstyr og betre kommunikasjons- og sikkerheitsutstyr. I tillegg vert uttrykkingstida på reservehelikopteret som no er to timar i kontortida og 12 timar utanom denne, redusert til to timar heile døgnet. Vidare vil styrkinga auke tryggleiken for mannskapet. For å få

tilfredsstillande hangarforhold for helikoptra frå 2014, blir det bygt ein ny moderne hangar. Hangaren skal etter planen stå klar til 1. april 2014.

Det vert foreslått å auke løyvinga med 50,9 mill. kroner for å dekkje meirkostnadene ved den nye helikopteravtala og med 14,4 mill. kroner som ei eingongsutgift for å utstyre helikoptra med eit avansert styrings- og tryggleikssystem (HUMS). Vidare er det sett av 2,4 mill. kroner for å drifte helikopterhangaren frå 1. april 2014. Frå 2015 vil heilårsverknaden for helikopteravtala og leige av hangaren slå inn.

Vidare dekkjer kapitlet utgifter til leige av tenestefartøy. Tenestefartøyet til Sysselmannen er ein sentral ressurs i rednings- og beredskaps-samanheng ved mellom anna fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslipp, personskeidar m.v. I tillegg er det heilt avgjerande i dei årlege inspeksjonane av øygruppa og generelt i Sysselmannens utøving av mynde på øygruppa. Det er særskild viktig at helikopter og båt kan samverke på ein god måte. Sysselmannens kontrakt om leige av tenestefartøy gjekk ut i 2012. For 2013 vart det inngått ein ny eittårig kontrakt. Frå 2014 er det inngått kontrakt med Remøy Management AS om leige av eit nytt isgåande fartøy med eit helikopterdekk som er stort nok for Sysselmannens nye helikopter. Fartøyet er eit nybygg frå Havyardverftet i Sogn og Fjordane og vil vere i teneste om lag 6 månader per år. Det er sett av 17,3 mill. kroner for å dekkje auka utgifter i samband med ny kontrakt for leige av tenestefartøy.

Kap. 3006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Leigeinntekter	755	500	500
02	Refusjonar	1 105		
	Sum kap 3006	1 860	500	500

Kapitlet korresponderer med kap. 6 og viser venta inntekter og refusjonar ved utleige av dei transportmidla Sysselmannen disponerer. Etter avtale med leverandørar av transporttenester, skal Sysselmannen ha inntektene/refusjonane dersom desse transportmidla vert nytta av andre. Inntektene er frå utleige til privat verksemd, mens refusjonar gjeld utleige til andre statlege institusjonar.

For å skilje mellom inntekter og refusjonar er det ein post 01 Leigeinntekter og ein post 02 Refusjonar under kap. 3006. Det blir foreslått løyvd 0 kroner på post 02, då refusjonane varierer frå år til år og det er vanskeleg å gje eit presist overslag. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 6 post 01 tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3006, post 02, jf. forslag til vedtak.

Kap. 0007 Tilfeldige utgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	4 026	2 500	2 678
	Sum kap 0007	4 026	2 500	2 678

Løyvinga under denne posten er disponert av Justis- og beredskapsdepartementet. Posten skal dekkje informasjonstiltak, støtte til ulike velferdsformål, støtte til utgreiingar og liknande, og mindre, ikkje føresette utgifter. Frå 2014 er kap. 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m. avvikla og kap. 0007 Tilfeldige utgifter er styrkt med 0,18 mill. kroner.

Dei meirutgiftene Telenor har i samband med samfunnspålagte teletenester på Svalbard, er dekte over denne posten. Justis- og beredskapsdepartementet har nyleg sagt opp gjeldande avtale med Telenor og tek sikte på å forhandle fram ei ny avtale til ein lågare kostnad enn noverande. Sjø omtale under pkt. 4.5.

Kap. 0009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	1 827	2 220	2 300
	Sum kap 0009	1 827	2 220	2 300

Kulturminnevernet er ein del av eit samla miljøvern på Svalbard og skal samle og ta vare på kunnskap om kulturminne på øygruppa. I tillegg skal det tene til å verne, forvalte og halde ved like kulturminna i samsvar med forskrifter og vedtekne planar, og informere om Svalbards kulturhistorie, kulturmiljø og vernetiltak knytta til dette. Miljøverndepartementet har foreslått å overføre 1,5 mill. kroner til driftsbudsjettet til Sysselmannen (kap. 0005) mellom anna for å kunne styrke kulturminnearbeidet ved å tilsette ein snikkar i halv stilling.

Kulturminneplan for Svalbard 2010–2020 låg føre i 2011. Planen dannar grunnlaget for dei forvaltningsstrategiane det er lagt vekt på i kulturminnevernet for Svalbard. Arbeidet med undersøkingar i felt og registreringar held fram. I samsvar med kulturminneplanen blir det arbeid med bygningsvern og med å avdekkje nedbrytingsmekanismar for å utvikle metodar for istandsetjing og vedlikehald. Det er òg viktig å føre vidare det haldningsskapande informasjonsarbeidet, mellom anna gjennom ein serie med informasjonshefte.

Kap. 3009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 9)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	-	-	0
	Sum kap 3009	-	-	0

Det er oppretta eit nytt kapittel 3009 Kulturminnetiltak frå 2014 for å synleggjere inntekter relatert til kap. 9 Kulturminnetiltak.

Kap. 0011 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	1 177	1 500	1 550
	Sum kap 0011	1 177	1 500	1 550

Direktoratet har hovudkontor i Trondheim. I tillegg har direktoratet eige kontor og ei bergmeisterstilling på Svalbard. For 2014 vil Direktoratet prioritere saksbehandling og tilsyn. Direktoratet

vil informere om miljøregelverket og sjå til at undersøkingar og uttak av mineral blir gjennomførte slik at også ressurs- og miljøaspekt blir tekne vare på. For nærare omtale, sjå kap. 4.2.

Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstitutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
50	Refusjon	3 040	3 125	3 230
	Sum kap 0017	3 040	3 125	3 230

Norsk Polarinstitutt er underlagt Miljøverndepartementet. Norsk Polarinstitutt har ei omfattande verksemd på Svalbard, med mellom anna forskning, topografisk og geologisk kartlegging, forskingsservice, drift av forskingsstasjonar, ettersyn og rådgiving i miljøspørsmål overfor sentrale og lokale forvaltningsorgan. Det meste av budsjettmidlane til instituttet si verksemd på Svalbard blir dekte over Miljøverndepartementets kap. 1471.

Refusjonen til Norsk Polarinstitutt over Svalbardbudsjettet skal gi delvis dekning for oppgåver instituttet utfører på Svalbard for andre enn miljøforvaltninga. Dette omfattar topografisk kartlegging, forvaltningsrådgiving overfor Sysselmannen og miljøretta kunnskapsformidling og informasjon. Polarinstituttet yter òg logistisk støtte til norsk og utanlandsk forskingsverksemd på Svalbard.

Kap. 0018 Navigasjonsinnretningar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	3 756	3 860	4 000
	Sum kap 0018	3 756	3 860	4 000

Løyvinga skal dekkje utgifter til navigasjonsinnretningar i farvatnet ved Svalbard. Innretningane er vanlegvis etablerte for sjøtrafikk, men det finst òg eit visst tal aerolykter etablerte for lufttrafikk med

helikopter. Norsk Polarinstitutt utfører tenesta på oppdrag frå Kystverket, og så langt det er praktisk mogeleg i kombinasjon med instituttet si ekspedisjonsverksemd på Svalbard.

Kap. 0019 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	6 332	6 300	6 510
	Sum kap 0019	6 332	6 300	6 510

Kap. 19 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen skal synleggjere utgiftene til husleige for statens bygningar på Bjørnøya og Hopen. Drifta av dei

meteorologiske stasjonane på øyane vert finansiert av Kunnskapsdepartementet over Meteorologisk institutts budsjett.

Kap. 0020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	11 989	11 200	11 600
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 033	1 500	3 700
	Sum kap 0020	17 021	12 700	15 300

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje utgifter til vedlikehald og drift av bygningsmassen som ikkje er innlemma i den statlege husleigeordninga på kap. 2445 i statsbudsjettet, slik som inventar, lys, fjernvarme, vatn, avløp, renovasjon, vegar og veglys. Løyvinga skal vidare dekkje løn og drift for delar av lokaladministrasjonen til Statsbygg. Løyvinga dekkjer òg utgifter til husleige for bygningane som vert forvalta av Statsbygg innafor husleigeordninga i statsbudsjettet.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Bustaden for Sysselmannen har over tid hatt behov for rehabilitering. Frå 2008 er det løyvd

midlar som har gått med til førebuande arbeid. Reparasjons- og rehabiliteringsarbeida av sjølv bygningen starta opp i 2011. Arbeidet vart fullført i 2012.

Arbeidet med utvidinga av Sysselmannen sitt administrasjonsbygg vert sett i gang i 2013 og skal etter planen verte ferdigstilt i 2014. Løyvinga skal dekkje større utstyrsinnkjøp og vedlikehald og er ei styrking samanlikna med løyvinga før arbeidet med bustaden til sysselmannen starta. Løyvinga vil setje Statsbygg i stand til å reparere setningsskadar på lagerbygget sitt i Longyearbyen og stoppe forfall og oppgradere nokre av de statlege bustadene i byen. Delar av denne løyvinga må frå 2015 omdisponerast til å betene auke i husleiga for administrasjonsbygget til Sysselmannen når arbeidet med bygningen er ferdig og husleiga får heilårsverknad.

Kap. 3020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Diverse inntekter	5 101	4 820	4 820
	Sum kap 3020	5 101	4 820	4 820

Kapitlet korresponderer med kap. 0020. Inntektene refererer seg til innbetalningar av husleige frå bygningar som ikkje er innlemma i husleigeordninga på kap. 2445 i statsbudsjettet. I tillegg kjem inntekter frå utleige av post- og bankbygningen. Kap. 3020 omfattar òg mindre inntekter frå sal av

kassert materiell og utstyr, pluss inntekter frå overnattingar på Statsbyggriggen.

Det er foreslått at Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet i 2014 kan overskride løyvinga under kap. 20, post 01, tilsvarende inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3020, post 01.

Kap. 0022 Likningsforvaltninga for Svalbard (jf. kap. 3022)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	3 022	3 050	3 150
	Sum kap 0022	3 022	3 050	3 150

Forslaget til løyving skal gå til løns- og driftsmidlar for skattekontoret i Longyearbyen. Løyvinga skal òg dekkje utgifter til skatteklagenemnda for Svalbard, og utgifter til fagleg og administrativ bistand og oppfølging frå Troms fylkesskattekontor. I samband med innføringa av miljøgebyr på Svalbard, sjå omtale under kap. 4.1 Miljøverndepartementet, skal skattekontoret på Svalbard stå for det praktiske arbeidet med refusjon av gebyret til fast-

buande på vegner av Svalbard miljøvernfond. Det er difor inngått ei avtale mellom skattekontoret og miljøvernfondet som regulerer den godtgjerings skattekontoret skal ha for denne oppgåva.

Mål- og resultatstyring av skattekontoret skjer innafor det ordinære mål- og resultatstyringssystemet som til ei kvar tid er fastsett for likningsforvaltninga på Svalbard.

Kap. 3022 Likningsforvaltninga for Svalbard (jf. kap. 22)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	-	-	0
	Sum kap 3022	-	-	0

Det er oppretta eit nytt kapittel 3022 Likningsforvaltninga for Svalbard frå 2014 for å synleggjere

inntekter relatert til kap. 22 Likningsforvaltninga for Svalbard.

Kap. 3030 Skattar og avgifter

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Skattar m.m.	515 467	159 000	120 000
71	Utførselsavgift	8 051	6 000	6 000
72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 032	1 032	1 026
	Sum kap 3030	524 550	166 032	127 026

Post 70 Skattar m.m.

Post 70 gir eit overslag over venta skatteinntekter frå Svalbard for 2014. Skatteinntektene som vart rekneskapsførte i 2009-2012 var unormalt høge. Dette skuldast i hovudsak eit stort overskot i gruveselskapet Store Norske Spitsbergen Kulkompani og skatteinntekter frå verksemda til Seadrill Norge. Det er venta at skatteinntektene for 2014 vil gå tilbake til nivået for 2008 og tidlegare år.

Post 71 Utførselsavgift

Utførselsavgift blir kravd inn i medhald av lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kol, jordoljer og andre mineralar og bergarter som blir førte ut frå Svalbard. Satsane for utrekning av avgift til statskassa av kol som blir utført frå Svalbard, vart endra med verknad frå 2004.

Inntektene frå utførselsavgifta er avhengig av utskipa kvantum kol og kolprisen på verdsmarknaden.

Post 72 Utmålsgebyr, årsavgift

Utmål er eit avgrensa område der utmålshavaren for ein gitt periode har einerett til å utnytte geologiske ressursar. Inntektene under denne posten kjem frå avgift ved krav om og vidareføring av utmål som er nedfelte i Bergverksordninga. Årsavgifta for å føre vidare eit utmål er 6 000 kroner.

I 2012 var det eitt avgiftspliktig utmål som gjekk ut. Per januar 2013 vart det vidareført 371 utmål, av desse er 210 avgiftspliktige.

Med bakgrunn i fredinga av delar av Svalbard i 2003 har Nærings- og handelsdepartementet, i samråd med dei andre departementa dette vedkjem, redusert avgifta for utmål som ligg i verna område. Det er ikkje rimeleg å krevje full avgift når vernet fører til at ein ikkje kan ha nokon aktivitet i utmåla. Utmålsavgifta er i slike høve sett til 1 500 kroner i året per utmål. Dette gjeld 50 utmål. For utmåla i Øvre Reindalen skal det framleis betalast full avgift, då det er opna for bergverksaktivitet der. Det er lagt til grunn at ingen avgiftspliktige utmål går ut i framlegget til budsjett for 2014.

Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Tilskot	-240 419	145 738	323 245
	Sum kap 3035	-240 419	145 738	323 245

Dette inntektskapitlet tilsvare det tilskotet som er foreslått løyvd på Justis- og beredskapsdepartementets budsjett kap. 480 Svalbardbudsjettet post 50 Tilskot. Løyvinga skal dekkje underskotet på svalbardbudsjettet. Skatteinntektene på Svalbard

har dei siste åra vore unormalt høge jf. omtale under kap. 3030. Dette har gjeve eit positivt resultat som inneber at svalbardbudsjettet ikkje har motteke tilskot, men òg i 2012 tilbakeført midlar til statskassa.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2013–2014) om Svalbardbudsjettet for år 2014 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

til vedtak om løyving av utgifter og inntekter for administrasjonen av Svalbard for budsjetterminen 2014

I Utgifter:

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Per post	Sum kap
			Kr	Kr
0001		Svalbard kyrkje		
	01	Driftsutgifter	4 360 000	4 360 000
0002		Tilskot til kulturelle formål m.m.		
	70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	0	0
0003		Tilskot til Longyearbyen lokalstyre		
	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	193 418 000	193 418 000
0004		Tilskot til Svalbard museum		
	70	Tilskot til Svalbard museum	11 200 000	11 200 000
0005		Sysselemanden (jf. kap. 3005)		
	01	Driftsutgifter	42 515 000	42 515 000
0006		Sysselemandens transportteneste (jf. kap. 3006)		
	01	Driftsutgifter	165 580 000	165 580 000
0007		Tilfeldige utgifter		
	01	Driftsutgifter	2 678 000	2 678 000
0009		Kulturminnetiltak		
	01	Driftsutgifter	2 300 000	2 300 000
0011		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard		
	01	Driftsutgifter	1 550 000	1 550 000
0017		Refusjon til Norsk Polarinstitutt		
	50	Refusjon	3 230 000	3 230 000
0018		Navigasjonsinnretningar		
	01	Driftsutgifter	4 000 000	4 000 000
0019		Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen		
	01	Driftsutgifter	6 510 000	6 510 000

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Per post	Sum kap
			Kr	Kr
0020		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)		
	01	Driftsutgifter	11 600 000	11 600 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	3 700 000	3 700 000
0022		Likningsforvaltninga for Svalbard		
	01	Driftsutgifter	3 150 000	3 150 000
		Sum Svalbardbudsjettet		
		Sum departementets utgifter	455 791 000	455 791 000

Inntekter:

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Per post	Sum kap
			Kr	Kr
3005		Sysselmannen (jf. kap. 5)		
	01	Diverse inntekter	200 000	200 000
3006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)		
	01	Leigeinntekter	500 000	500 000
3009		Kulturminnetiltak (jf. kap. 9)		
	01	Diverse inntekter	0	0
3020		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)		
	01	Diverse inntekter	4 820 000	4 820 000
3022		Likningsforvaltninga for Svalbard (jf. kap. 22)		
	01	Diverse inntekter	0	0
3030		Skattar og avgifter		
	70	Skattar m.m.	120 000 000	120 000 000
	71	Utførselsavgift	6 000 000	6 000 000
	72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 026 000	1 026 000
3035		Tilskot frå statsbudsjettet		
	70	Tilskot	323 245 000	323 245 000
		Sum Svalbardbudsjettet		
		Sum departementets inntekter	455 791 000	455 791 000

Forslag

til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2014

II

§ 1 Bruksområde for vedtaket

Dette vedtaket gjeld utskriving av skatt på formue og inntekt for inntektsåret 2014 etter føresegnene i lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard. Vedtaket gjeld òg som grunnlag for utskriving av forskot på skatt for inntektsåret 2014, jf. lov om skatt til Svalbard § 5-1.

§ 2 Skatt på formue

Skatt på formue blir utrekna etter desse satsane:

a) Personleg skattepliktig og dødsbu:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten og kommunane (maksimumssats)

b) Selskap og samanslutning som nemnt i skattelova § 2-36 andre ledd, og som ikkje er fritekne etter skattelova kapittel 2:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten.

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

a) Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrekk etter svalbardskattelova § 3-2:

Låg sats: 8 pst.

Høg sats: 22 pst.

b) 28 pst. av den delen av selskapsoverskot som er høgre enn 15 mill. kroner, og som overstig summen av

- 10 gonger kostnadene til løn som blir skattlagt ved lønnstrekk
- 0,20 gonger skattemessig verdi av anlegg, fast eigedom og anna realkapital som er på Svalbard ved utgangen av inntektsåret.

c) Anna inntekt: 16 pst.

Personlege skatteytarar skal ha eit frådrag i alminneleg inntekt som omfattast av c. på 20 000 kroner.

§ 4 Avrundingsreglar

Ved utrekning av skatt skal formue og inntekt avrundast nedover til næraste heile krone.

§ 5 Normalrentesatsen for rimeleg lån i arbeidsforhold

Normalrentesatsen som nemnd i skattelova § 5-12 fjerde ledd, jf. svalbardskattelova §§ 3-1 og 3-2, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

§ 6 Aksjonær i utlandet

Skatt på utbytte m.v. etter skattelova § 10-13, jf. svalbardskattelova § 3-1, vert ilagd med 20 pst.

§ 7 Inntekt etter svalbardskattelova § 6-3

For inntekt som blir skattlagt etter svalbardskattelova § 6-3, skal satsen vere 8 pst.

Forslag

til vedtak om bestillingsfullmakt for budsjetterminen 2014

III

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2014 kan bestille varer for inntil kr. 3 mill. ut over den totale løyvinga som er gitt under kap. 5, post 01 på svalbardbudsjettet.

Forslag

til vedtak om meirinntektsfullmakt for budsjetterminen 2014

IV

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2014 kan overskride løyvinga under

1. kap. 5, post 01, tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3005, post 02
 2. kap. 6, post 01, tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3006, post 02
 3. kap. 9, post 01, tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3009, post 02.
-

Forslag
til vedtak om meirinntektsfullmakt
for budsjetterminen 2014

V

Meirinntektsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet i 2014 kan overskride løyvinga under kap. 20, post 01, tilsvarande inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3020, post 01.

Forslag
til vedtak om meirinntektsfullmakt
for budsjetterminen 2014

VI

Meirinntektsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2014 kan overskride løyvinga under kap. 22, post 01, tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3022, post 02.

Forslag

til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2014

VII

For budsjetterminen 2014 skal det svarast avgift til statskassen av kol som blir utført frå Svalbard, etter følgjande satsar:

- 1,0 % av verdien for dei første 100 000 tonna,
 - 0,9 % av verdien for dei neste 200 000 tonna,
 - 0,8 % av verdien for dei neste 300 000 tonna,
 - 0,7 % av verdien for dei neste 400 000 tonna,
 - 0,6 % av verdien for dei neste 500 000 tonna,
 - 0,5 % av verdien for dei neste 600 000 tonna,
 - 0,4 % av verdien for dei neste 700 000 tonna,
 - 0,3 % av verdien for dei neste 800 000 tonna,
 - 0,2 % av verdien for dei neste 900 000 tonna,
 - 0,1 % av verdien for dei neste 1 000 000 tonna.
-

Vedlegg 1**Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard som blir dekte
over statsbudsjettet for 2014**

(1 000 kr)					
Kap.	post		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
<i>Kunnskapsdepartementet</i>					
280	71	Felles einingar – tilskot UNIS	105 272	112 217	117 935
283	50	Meteorologisk institutt, drift av stasjonane på Bjørnøya og Hopen	14 287	17 224	17 174
285	52 og 53	Noregs forskingsråd	35 000	45 000	55 000
<i>Kulturdepartementet</i>					
320 ²	74	Tilskot til faste tiltak under Norsk kultur- råd	167	172	
326 ³	80	Tilskot til tiltak under Nasjonalbiblioteket- Bibliotekteneste på Svalbard	282		
335 ⁴	71	Produksjonstilskot – Svalbardposten	441		
328	70	Det nasjonale museumsnettverket – Svalbard museum	1 607	1 660	1 718
<i>Kommunal- og regionaldepartementet</i>					
579	01	Valutgifter		50	
552	72	Nasjonalt samarbeid for regional utvikling			
<i>Helse- og omsorgsdepartementet</i>					
732 ⁵	75	Tilskot Helse Nord RHF	28 090	30 390	31 450
<i>Barne-, likestillings- og inkluderings- departementet</i>					
844 ⁶	70	Kontantstøtte		0	0
845 ⁶	70	Barnetrygd		6 949	8 500
854 ⁷	21	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	0	500	500
<i>Nærings- og handelsdepartementet</i>					
937	71	Tilskot Svalbard Reiseliv AS	2 100	2 100	2 100
953	70	Tilskot Kings Bay AS	17 500	27 500	27 500

(1 000 kr)					
Kap.	post		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
<i>Miljøverndepartementet</i>					
1400 ⁸		Spesielle driftsutgifter	5 000	2 000	1 000
1410 ⁹		Polarforskning og miljøovervaking	14 000	14 000	14 000
1427		Direktoratet for naturforvaltning	2 100	2 400	
1441		Klima- og forureiningsdirektoratet	250	250	
1420 ¹⁰		Miljødirektoratet			2 400
1465		Statens kartverk	24 500	68 835	85 300
1471 ¹¹		Norsk Polarinstitut	88 000	88 000	91 000
<i>Fornyings-, administrasjons og kyrkje- departementet</i>					
2445	24	Svalbard kyrkje	613	99	1 050
2445	24	Meteorologiske stasjonar, Bjørnøya	2 463	826	247
2445	24	Meteorologiske stasjonar, Hopen	652	45	320
2445	24	Sverdrupstasjonen, Ny-Ålesund	293	432	235
2445	24	Svalbard Forskingspark	2 043	2 446	3 660
2445	24	Kjell Henriksen-observatoriet	264	226	524
2445	24	Svalbard globale frøkvelv	117	111	150
2445	24	Sysselmannens administrasjonsbygg	321	214	161
<i>Arbeidsdepartementet</i>					
640	01	Arbeidstilsynet	394	332	376
<i>Justis- og beredskapsdepartementet</i>					
451	01	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	154	183	142
Sum			345 910	424 161	462 442

¹ Om lag 25 mill. kroner er relatert til polarforskning. Løyvinga er tidlegare ført på kap. 286, post 50 Fondet for forskning og nyskaping.

² Budsjett 2014 vil bli fastsett av Norsk Kulturråd på eit seinare tidspunkt.

³ Budsjett 2014 vil bli fastsett av Nasjonalbiblioteket på eit seinare tidspunkt.

⁴ Beløpet under kap. 335 Produksjonstilskot, post 71 gjeld tilskot til Svalbardposten. Beløpet blir utrekna per oktober inneverande år med utgangspunkt i opplagstal.

⁵ Longyearbyen sjukehus er ein del av Universitetssjukehuset i Nord-Noreg HF i Helse Nord RHF. Talet for 2014 er førebels ikkje kjent og er difor anslag.

⁶ Det finst førebels ikkje rekneskapstal for 2012 (NAV).

⁷ Barnevernutgifter på Svalbard.

⁸ 2 mill. kroner vart i 2012 rammeoverført til svalbardbudsjettet og 1 mill. kroner vart i 2013 rammeoverført til svalbardbudsjettet.

⁹ Beløpa er overslag over kor stor del av ei større løyving som gjeld tiltak på Svalbard.


¹⁰ Frå 1. juli 2013 er Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet slått saman til det nye Miljødirektoratet.

¹¹ Justert med KPI (andre tenester med arbeidslønn som dominerande faktor) på 3.4 %, publisert SSB 10. april d.å.

Vedlegg 2**Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard som inngår
i statsbudsjettet for 2014**

(1 000 kr)					
Kap.	post		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
		<i>Fornyings- og administrasjonsdepartementet</i>			
2445 ¹	24	Statsbygg, leigeinntekter	56 275	57 221	57 221
3451	01	<i>Justis- og beredskapsdepartementet</i>			
		Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	164	164	165
		Sum	56 439	57 385	57 386

¹ Husleige til Statsbygg i form av avkastning på kapital for bygningar som er innlemma i den statlege husleigeordninga.

Vedlegg 3**Kart over Svalbard**

Figur 3.1 Kart over Svalbard

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2013

